

# Årsmelding 2012

## NJFF SOGN OG FJORDANE



Jakt- og fiskeglede til alle – for alltid

# ÅRSMØTE

## KVIKNES HOTEL

### 15-16. MARS 2013

#### **INNHALDSLISTE**

Program og sakliste årsmøte	side 3
Styret sine framlegg til vedtak	side 4
Nokre ord frå leiaren	side 7
Årsmelding 2012 frå fylkeslaget	side 8
Rekneskap 2012	side 29
Medlemsutvikling	side 31
Statistikk Internett	side 34
Kontorutstyr og utstyr i fylkeslaget	side 35
Årsplan for 2013	side 36
Budsjett 2013	side 44
Vedtekter	side 45

Vedlegg: 1 Plakettvinnarar jaktskyting, LM og FM, resultat og premiefordeling i Sogn  
og Fjordane Cup og Våpenloftet cup

Vedlegg: 2 Medlemsutvikling lokallaga



## PROGRAM ÅRSMØTE

<b>Fredag 15. mars</b>	kl. 18.00	Velkomen -med rundstykker <i>Nytt frå NJFF ved Christian Kiøsterud</i> <i>Balestrand jfl</i> Heiderspris og barne- og ungdomspris Open «time»
	kl. 20.30	Middag
<b>Laurdag 16. mars</b>	kl. 09.00	Årsmøtesaker
	kl. 10.30	Kaffepause med varm eplekake m/krem
	kl. 10.45	Årsmøtesaker
	kl. 14.00	Lunsj, avreise

Pausar etter behov.  
Programmet kan bli endra.

## SAKLISTE ÅRSMØTESAKER

1. Konstituering av møtet
  - Namneopprop
  - Val av ordstyrar
  - Val av sekretær
  - Val av teljekorps
  - Val av 2 delegatar til å skrive under årsmøteprotokollen
  - Godkjenning av fullmakter
  - Godkjenning av innkalling
  - Godkjenning av sakliste
  - Godkjenning av forretningsorden
2. Årsmeldingar for 2012
3. Revidert rekneskap for 2012
4. Innkomne saker med styret sitt framlegg til vedtak.
5. Andre saker som styret har sett opp på saklista
6. Styret sitt framlegg til årsplan 2013
7. Fylkeslaget sin kontingentdel 2014, med styret sitt framlegg til vedtak.
8. Styret sitt framlegg til budsjett 2013
9. Val av styre i medhald av § 7.
10. Val av valnemnd
11. Val av 2 revisorar og eitt varamedlem

# STYRET SINE FRAMLEGG TIL VEDTAK

## Sak 1. Konstituering av møtet

### Godkjenning av fullmakter

Årsmøtet tek stilling til eventuelle innkomne fullmakter

### Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling med førebels program vart utsendt 11.01.2013. I fylgje fylkeslaget sine vedtekter skal årsmøtet kallast inn med 6 vekers skriftleg varsel. Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, eventuelt vedtektsendringar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.

### **Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**

*Innkalling og styret sitt framlegg til sakliste vert godkjend.*

### Godkjenning av forretningsorden

Styret fremjar følgjande til forretningsorden:

1. Talerett har alle valde årsmøtedelegatar, fylkeslagsstyret, fylkesinstruktørar, fylkessekretær og gjester
2. Forslags- og røysterett har alle valde årsmøtedelegatar og fylkeslagsstyret. Dersom fylkeslagsinstruktørar møter som representant for eit lag har dei røysterett. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap. Ingen har meir enn ei røyst.
3. Forslag på vedtak skal leverast møteleiar skriftleg og underteikna, men før strek er sett. Berre endringsforslag som har samanheng med saker oppførd på saklista kan behandlast. For seint innkomne forslag kan ikkje behandlast.
4. Alle vedtak skal avgjerast med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unntake ved personval, der ein skal ha loddtrekning. Vala skal vere skriftlege dersom nokon av representantane krev det. Ved endring av vedtekten, krevst 2/3 fleirtal
5. I protokollen skal det førast inn dei som har hatt ordet i saka, innkomne forslag og avstemmingar, samt dei vedtaka som er gjorde.

### **Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**

*Styret sitt framlegg til forretningsorden vert godkjend.*

## Sak 2, Årsmeldingar 2012

Årsmelding for 2012: s. 8-

### **Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**

*Styret sitt forslag til årsmelding vert godkjend.*

**Sak 3, Rekneskap 2012**

Rekneskap 2012 s. 29.

***Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:***

*Rekneskapet vert godkjend.*

**Sak 4, Innkomne forslag**

Det er ikkje kome inn forslag til årsmøtet.

**Sak 5, Årsplan 2013**

Styret sitt forslag til årsplan: s. 36

***Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:***

*Styret sitt framlegg til årsplan for 2013 vert godkjend.*

**Sak 6, medlemskontingent 2014**

Fylkeslagskontingensten er no kr. 35,- for alle kategoriar med unntak av barne- og ungdomsmedlemskap med og utan tidsskrift som er sett til kr. 0,-.

***Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:***

*Årsmøtet gjer vedtak om å auke fylkeslagskontingensten med kr. 15,- for alle kategoriar*

**Sak 7, budsjett 2013**

Budsjett 2013 s. 44

***Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:***

*Styret sitt framlegg til budsjett for 2012 vert godkjend.*

## Sak 9, Val 2013

### ***Valnemnda sitt framlegg til vedtak:***

<b><u>Verv</u></b>	<b><u>Val</u></b>	<b><u>Valnemnda sitt framlegg:</u></b>
• Leiar	Per Norstein, Leikanger jfl, ikkje på val	
• Nestleiar /sekretær	<i>Veljast for 2 år</i>	<i>Bjarne Huseklepp, Hyllestad jfl</i>
• Kasserar	Per Gunnestad, Luster jfl, ikkje på val	
• Ungdomsansvarleg	<i>Veljast for 2 år</i>	<i>Attval, Alf Erik Røyrvik, Hyen jfl</i>
• Kvinnekontakt	Bente Skrede, Flora jfl, ikkje på val	
• Fagleiar fisk	<i>Veljast for 2 år</i>	<i>Attval, Morten Jacobsen, Vik jfl</i>
• Fagleiar vilt	Geir Haukaas, Førde jfl, ikkje på val	
• 1. vara / Fagleiar hund	<i>Veljast for 1 år</i>	<i>Attval, Rune Olsbø, Flora jfl</i>
• 2. vara	<i>Veljast for 1 år</i>	<i>Karina Hetle Solheim, Gauld jfl</i>

## Sak 10, Val av revisorar

### ***Valnemnda sitt framlegg til vedtak:***

• Revisor nr. 1	Ikkje på val, 1 år att	Terje Espe
• Revisor nr. 2	Ikkje på val, 2 år att	Kåre Stokkevåg, Førde jfl
• Revisor vara	<i>Veljast for 3 år</i>	Øyvind Hopland, Stryn og H. jspf

## Sak 10, Val av valnemnd

• <i>Valnemnd, leiar</i>	<i>Roald Svoren</i>	<i>Bjarne Huseklepp</i>
• <i>Valnemnd, medlem</i>	<i>Bjarne Huseklepp</i>	<i>Geir Vie</i>
• <i>Valnemnd, medlem</i>	<i>Geir Vie</i>	

## NOKRE ORD FRÅ LEIAREN

Eg har no lagt bak meg mitt første år som leiар i NJFF Sogn og Fjordane. Det har vore eit lærerikt år og der dei positive sidene ved å vera leiар har dominert.

Det å ta på seg eit slikt verv, er først og fremst utfordrande, men samstundes litt skremmande. Sjølv om ein har vore sentral i styret nokre år, veit ein ikkje heilt kva det inneber å vera leiар før ein er det sjølv. Ikkje minst det å overta stafettpinnen etter Øyvind som hadde vore på bana i så mange år, var ein utfording i seg sjølv.

Ein føresetnad for at ein skal få utretta noko som leiар, er at ein har gode medarbeidrarar i form av styre, instruktørar og utval. Det har vi i Sogn og Fjordane, og ein stor takk til alle dykk.

Men det er eit faktum at utan Reidun, ville situasjonen vore annleis. Ho sit på utruleg mykje kompetanse etter så mange år i jobben. Er det noko eg lurer på, er det berre å spørja Reidun. Men likevel er det velvilligheit og positiviteten eg har lyst å trekkja fram. Hennar gode humør smittar over på alle oss som sit i styret, og gjer det kjekt å jobba i organisasjonen.

2012 var eit landsmøte- år, og vi stilte med full kvote på Lillestrøm. Sogn og Fjordane hadde til dette landsmøte ikkje funne grunn for å fremja eigne saker. Vi hadde derimot mobilisert for å få Bjarne attvald til forbundsstyret, men som kjent gjekk det ikkje slik. Eg har difor lyst å få takka Bjarne for den jobben han har gjort spesielt for barn og ungdom i dei åra han hadde ein sentral posisjon. Han har sagt at han framleis er lysten på vidare arbeid for NJFF, og eg reknar soleis med at vi framleis i vårt fylke skal ha stor nytte av Bjarne.

Vi innstilte fleire kandidatar som sentrale utvalsmedlemmar, og vil få gratulera Alf Erik som ny medlem i Barne- og ungdoms utvalet.

Vi hadde etter møte med fylkeskommunen i mai, stor trur på finansielle midlar slik at vi kunne få etablera ein ny stilling i organisasjonen vår. Men i desember vart det klart at fylkeskommunen hadde fått mindre midlar til grunnstøtte av frivillige organisasjonar, så førebels har vi ikkje lukkast i dette arbeidet. Men vi jobbar framleis med saka, og har no tru på midlar til ei prosjektstilling der vi i 2013 skal laga eit forprosjekt på ettersøksarbeidet i fylket.

Fylkeslaget har lagt ned mykje arbeid i 2012 på høyringssvar og protestar på nye oppdrettskonsesjonar. Sjølv om dette har teke mykje av vår tid, meiner vi at det er viktig at vi som organisasjon er på bana for å ivareta våre interesser.

Jakt og fiskesenteret på Flå er no godt oppe og går, og alle fylkesleiarane fekk på RS samlinga i mai ei god innføring i kva senteret har å tilby. Eg må berre seia at eg er imponert kva dei har greidd å få til i løpet av eitt år. Samstundes er det ein gjengs oppfatning blant fylkesleiarane at JFS ikkje må bli ein konkurrent til dei enkelte fylka sine kurstilbod.

Vi hadde i fjar kjempesuksess med «betre jakt» seminara, og bestemte at vi skulle halda fram med dei i år, men då på andre stader i fylket vårt.

Organisasjonen slit framleis med rekrutteringa, og det er soleis gledeleg at vi i Sogn og Fjordane hadde ein liten oppgang i 2012.

Ein føresetnad for god rekruttering er at vi har gode oppegåande lokallag. I fjar hadde vi fokus på 5 lokallag i ein revitaliseringsprosess, og det gav så gode resultat at vi ynskjer vidareføring av dette arbeidet til andre lokallag som slit.

Til slutt vil eg ynskja alle eit godt årsmøte, og eit godt arbeidsårs for organisasjonen vår.

Per Norstein  
- fylkesleiar -

# ÅRSMELDING FOR 2012

## FYLKESLAGET HAR I 2012 VORE SAMANSETT SLIK:

Leiar	Per Norstein	Leikanger jfl
Nestleiar / sekretær	Karina Hetle Solheim	Gaular jfl
Kasserar	Per Gunnestad	Luster jfl
Ungdomsansvarleg	Alf Erik Røyrvik	Naustdal jfl
Kvinnekontakt	Bente Skrede	Flora jff
Fagleiar Fisk	Morten Jacobsen	Vik jf
Fagleiar Vilt	Geir Haukaas	Førde jfl
1. vara Fagleiar Hund	Rune Olsbø	Flora jfl
2. vara	Per Martin Fosmark	Gaular jfl

Revisor 1	Terje Espe	Eid jfl
Revisor 2	Kåre Stokkevåg	Førde jfl
Revisor, vara	Stein Inge Refvik	Selje jfl

Valnemnd leiar	Roald Svoren	Bryggja og Omegn jfl
Valnemnd medlem	Bjarne Huseklepp	Hyllestad jfl
Valnemnd medlem	Geir Vie	Førde jfl

### Tillitsverv som fylkesstyret peikar ut:

FI Aversjon	Arvid Holme	Flora jfl
FI Ettersøkshund	Rudi Sønnervik	Førde jfl
FI Hagle	Per Gunnestad	Luster jfl
FI Taksering	Knut Broberg	Flora jfl
FI Jakthunddressur	Rudi Sønnervik	Førde jfl
FI Jegerprøve	Bjarne Huseklepp	Hyllestad jfl
Organisasjonskontakt	Bjarne Huseklepp	Hyllestad jfl

### Hundeutval:

Leiar	Rune Olsbø	Flora jfl
Medlem	Olav Håkonsen	Førde jfl
Medlem	Robert Veseth	Flora jfl
Medlem	Terje Hilding	Førde jfl

### Jaktskyttarutval:

Leiar	Svein Inge Lundheim	Leikanger jfl
Medlem	Per Tore Taklo	Eid jfl
Medlem	Atle Lunde	Jølster jspfl
Medlem	Arild Johansen	Askvoll og Holmedal jfl
Medlem	Per Gunnestad	Luster jfl

### Ettersøksutval:

Leiar	Rudi Sønnervik	Førde jfl
Medlem	Lidvin Hage	Stryn og Hornindal jspfl
Medlem	Birger Hogrenning	Stryn og Hornindal jspfl
Medlem	Bente Skrede	Flora jfl

**Fiskeutval:**

Leiar	Morten Jacobsen	Vik jfl
Medlem	Olav Hermansen	Luster jfl
Medlem	Jørjan Henriksen	Stryn og Hornindal jsfl

Gevirdommarar: hjort	Ove Hagerup Larsen	Førde jfl
Gevirdommar norsk hjortevilt:	Arne Aarbergsbotten	Gaular jfl

**Tilsette:**

Fylkessekretær 100 % stilling	Reidun Solberg Seim, Sandane
FNF kontakt 50 % stilling	Einar Skram Husabø, Leikanger
FNF medarbeider 60% stilling	Elisabeth Dahle, Hafslo

**FRÅ NJFF SOGN OG FJORDANE HAR DESSE VORE MED I NJFF SINE STYRE OG UTVAL:**

Bjarne Huseklepp:	Medlem i Forbundsstyret
Bjarne Huseklepp:	Leiar Barne- og ungdomsutvalget

**FYLKESLAGET ER REPRESENTERT I DESSE UTVAL/FAGRÅD:**

- Styringsgruppa i FNF (Forum for Natur og Friluftsliv), Per Martin Vara. Leiar vara.
- Merkeprosjekt hjort i Nordfjord, styringsgruppa. Ove Bjørlo
- Samarbeidsrådet for laks og sjøaure i Sogn og Fjordane: Fagleiar Fisk
- Samarbeidsrådet for laks og sjøaure i Nordfjord: Arvid Pedersen
- Styringsgruppa for Norsk Villakssenter: Fagleiar Fisk
- Kontaktutvalet for rovvilt: Reidun Solberg Seim / Fagleiar Vilt
- Referansegruppe for regionalt fellingslag: Reidun Solberg Seim / Fagleiar Vilt
- Studie forbundet natur og miljø: Geir Haukaas
- Referansegruppe EU's vassdirektiv, region Sogn og Fjordane: Fagleiar Fisk

**MEDIEAKTIVITET:**

Januar	Pressemelding	Betre jakt
24. januar	NRK SF	Betre Jakt, Reidun
1. februar	Firda Tidend	Reportasje betre jakt
Februar	Pressemelding	Villmarksleir for ungdom
Februar	Sogn Avis	Oppfølging betre jakt, Reidun
22.februar	Vestlandsrevyen	Reportasje Villmarksleir
26. februar	Bergens Tidende	Reportasje Villmarksleir
27. februar	Fedrelandsvennen, Aftenbladet, Aftenposten, Firda Tidend	Reportasje villmarksleir
28. februar	Sogn Avis, Fjordabladet	Reportasje villmarksleir
29. februar	Firda, Fjordenes Tidende	Reportasje villmarksleir
5.mars	Firda Tidend	Reportasje lokkekurs rev
12. mai	Firda	NJFF / Mattilsynet om avliving av hjort, Rudi
August	Jakt og Fiske nr 8	Tidlegstart hjortejakt, Per
	Bergens Tidende	Trend innan oppdrett, rømd fisk, Morten
	Firda og Sogn Avis	Oppdrett, rømd fisk, Morten
	NRK Sogn og Fjordane	Jaktstart, Bjarne
	Lokalavisene	Intervju jenter og jakt, Bente
	Lokalavisene	Jakt, Per

	Firda, Sogn Avis;Jaktbilag	Jakt, hund, OPPTUR, Per, Bente, Geir og Knut
31. august	NRK Sogn og Fjordane	Jakt og jenter, Reidun
2. oktober	NRK Sogn og Fjordane	Storvald, Geir
23. oktober	NRK Sogn og Fjordane	Ettersøk, Rudi

**MØTER OG AKTIVITETAR :****JANUAR**

13-15.	Skei	Instruktørkurs jegerprøve	Bjarne
19.	Førde	Organisasjonskurs	Bjarne
20-21.	Skei	Arbeidsmøte	Styret, instruktørar
23.	Stryn	Betre Jakt-seminar	Rudi, Øyvind, Reidun
24.	Nordfjordeid	Betre Jakt-seminar	Rudi, Øyvind
25.	Førde	Betre Jakt-seminar	Rudi, Geir
25.	Florø	Møte fuglehundutvalet	Rune
26.	Lavik	Betre Jakt-seminar	Rudi
30.	Førde	Styremøte i Førde jfl	Geir
31.	Jølster	Betre Jakt-seminar	Rudi, Geir
31.	Skei	Kasserarmøte	Per G, Reidun
?	?	Møte i ettersøksutvalet?	Rudi, Bente
?	?	Planleggingsmøte betre jakt med T. Andestad ??	Rudi

**FEBRUAR**

1.	Sogndal	Betre Jakt-seminar	Rudi, Per N
2.	Lærdal	Betre Jakt-seminar	Rudi, Per N
2.	Flå	Opning av Jakt og Fiskesenteret	Per G
2-3.	Flå	Fylkessekr.samling	Reidun
8.	Førde	Planlegging viltseminar	Geir
9.	Skei	Styremøte	
9.	Leikanger	Møte FNF	Karina
11.	Skei	Oppdateringskurs Jegerprøva	Bjarne
14.	Gaular	Årsmøte Gaular jfl	Reidun
14.	Naustdal	Årsmøte Naustdal jfl	Geir
15.	Førde	Planleggingsmøte Villmarksleir	Alf, Reidun
15.	Florø	Møte i hundeutvalet	Rune
15-16.	Flå	Samling Fl Hagle	Per G
17.	Stryn	Årsmøte Stryn og H. jspl	Øyvind
17-18.	Lunde	Kvinnekontaktsamling	Bente, Reidun
17-19.	Flå	Samling Fl Jegerprøve	Bjarne
18-19.	Gaular	Fuglehundsamling	Rune
21-23.	Viksdalen	Villmarksleir eldre ungdom	Alf, Reidun
29.	Jølster	Lokkekurs på rev	Reidun
29.	Førde	Organisasjonskurs LL i Førde, Gaular	Bjarne

**MARS**

	Sande	Organisasjonskurs	Bjarne
1.	Førde	Møte standard ettersøksavtale	Rudi, Reidun
2.	Leikanger	Årsmøte Leikanger jfl	Per N, Rudi

3-4.	Gaular	Gaularfjellsprøven	Rune, Robert, Terje, Olav
6.	Sandane	Årsmøte Gloppen jfl	Alf
7.	Oslo	Publiseringsmøte portal	Reidun
9.	Høyanger	Årsmøte Høyanger jfl	Reidun
12.	Førde	Årsmøte Førde jfl	Geir, Reidun
14.	Gaular	Medlemsmøte i Gaular jfl	Rudi
17.	Skei	Styremøte	
17-18.	Skei	Årsmøte	
21.	Hyen	Planleggingsmøte fylkesleir	Alf, Geir, Reidun
22.	Lærdal	Årsmøte Lærdal jfl	Per N
22.	Skei	Møte jaktskyttarutalet	Per G, Svein Inge, Reidun
26.	Lærdal	Laksemøte	Morten
27.	Skei	Årsmøte i FNF	Karina, Reidun
28.	Balestrand	Møte hjorteutval, info JFL	Reidun
30-1. april	Skei	Grunnkurs jakthund	Rudi, Reidun

**APRIL**

12.	Leikanger	Møte FK og organisasjonane	Reidun
16.	Skei	Styremøte	
17.	Balestrand	Årsmøte Balestrand jfl	Per N
17.	Florø	Møte i hundeutvalet	Rune
17.	Jølster	Flugebindingskurs	Geir
20-22.	Flå	Samling Ungdomsansvarlege, FI Aversjon og FI Ettersøk	Alf, Arvid, Rudi
23-25.	Flå	Instruktørkurs jakthund	Rudi
28.	Førde	Oppdateringskurs Jegerprøva	Bjarne

**MAI**

9.	Førde	Planleggingsmøte viltseminar	Geir, Reidun
9.	Skei	Scenariokonferanse vassforvaltning	Morten
14.	Førde	Møte KS ettersøksavtale	Rudi, Reidun
25-26.	Flå	RS/Fylkesleiarsamling	Per N

**JUNI**

1-3.	Kråkenesmarka	Instruktørkurs jakthunddressur	Rudi, Reidun
2-3.	Viksdalen	Sommarsamling fuglehundar	Rune
8-10.	Nesholmen	Fylkesleir for ungdom	Alf, Geir, Bente, Morten, Reidun
25.	Gardermoen	Møte fylkesleiarane	Per N
29.	Førde	Møte om Afrikatur for damer	Reidun

**JULI**

	Flå	Samling FI Taksering	Knut
21.	Balestrand	skytedag Balestrand jfl, planlegge skytebane	Per G

**AUGUST**

	Gaular	Taksering Fosseheimen og Langestølen	Rune
20.	Førde	Styremøte i Førde jfl	Geir
20.	Skei	Dialogmøte med FK, plan idrett, friluftsliv..	Alf

20.	Skei	Møte med Guro H. i FK	Alf
31.	Flå	RS / Fylkesleiarsamling	Per N

**SEPTEMBER**

18.	Viksdalen	Coast Alive med FK	Reidun
24.	Skei	Styremøte	
26.	Fjaler	Coast Alive med FK	Reidun
28-30.	Gaular	Kurs fjellrypejakt for damer	Bente, Geir

**OKTOBER**

2.	Skei	Møte jaktskyttarutvalet	Svein Inge, Per G, Reidun
9.	Florø	Møte fuglehundutvalet	Rune
22	Skei	Styremøte	
	Stad?	Årsmøte Sogn Villaksråd	Morten

**NOVEMBER**

4.	Gaularfjell	Røkting av feller	fuglehundutvalet
11.	Gaularfjell	Røkting av feller	fuglehundutvalet
16-18.	Lillestrøm	Landsmøte i NJFF	Per N, Per G, Bente, Alf, Geir, Rudi, Reidun
18.	Gaularfjell	Røkting av feller	fuglehundutvalet
24	Førde	Styremøte	
24-25.	Førde	Viltseminar	Geir, Per N, Alf, Bente, Morten, Per G, Rune, Rudi, Knut,
25.	Gaularfjell	Røkting av feller	fuglehundutvalet
26.	Førde	Møte FK og kommunane hjorteforvaltn.	Reidun

**DESEMBER**

2.	Gaularfjell	Røkting av feller	fuglehundutvalet
3.	Skei	Møte FK plan idrett, friluftsliv..	Reidun
9.	Gaularfjell	Røkting av feller	fuglehundutvalet
12.	Leikanger	Møte FNF, vassforvaltn.	Reidun
14.	Førde	Møte KS styret ettersøksavtale	Rudi, Reidun
16.	Gaularfjell	Røkting av feller	fuglehundutvalet
23.	Gaularfjell	Røkting av feller	fuglehundutvalet

## **JAKT- OG FISKEAKADEMIET – kurs og opplæring**

Instruktørkurs jegerprøve

13-15. januar, Skei. 4 deltagarar. Kursleiar: FI Jegerprøve Bjarne Huseklepp

Organisasjonskurs

19. januar, Førde Deltakarar frå Naustdal jff, Førde jfl og Gaular jfl. Kursleiar: Bjarne Huseklepp  
Mars? , Sande. Styret i Gaular jfl. Kursleiar. Organisasjonskontakt Bjarne Huseklepp

Oppdateringskurs jegerprøveinstruktørar

12. februar, Skei. 26 deltagarar. Ansvarleg: FI Jegerprøve Bjarne Huseklepp

Grunnkurs Jakthundinstruktør

30. mars-1. april, Skei. 6 deltagar. Kursleiar: FI Instruktør Jakthunddressur Rudi Sønnervik

Instruktørkurs Flugekasting:

27-29. april, Førde. Avlyst pga for få deltagarar

Oppdateringskurs jegerprøveinstruktørar

28. april, Skei. 17 deltagarar. Ansvarleg: FI Jegerprøve Bjarne Huseklepp

Instruktørkurs Jakthunddressur:

1-3. juni, Kråkenesmarka. 5 deltagar. Kursleiar: FI Jakthunddressur Rudi Sønnervik

Viltseminar

24-25. november, Førde. 65 deltagarar, 13 forelesarar. Ansvarleg: Geir  
Samarbeid mellom NJFF SF, SF Skogeigarlag, SF Bondelag og Fylkeskommunen.

Betre Jakt-seminar

Ansvarleg: Geir. Forelesarar: Rudi Sønnervik og Tore Andestad

23. januar, Stryn kulturhus. 23 deltagarar

24. januar, Nordfjord Hotel, Eid. 93 deltagarar

25. januar, Førdehuset. 162 deltagarar

26. januar, Lavik skule. 62 deltagarar

31. januar, Ålhus. 29 deltagarar

1. februar, kommunestyresalen i Sogndal. 82 deltagarar

2. februar, Lærdal kulturhus. 71 deltagarar

## **PLANARBEID OG FORVALTNING**

Generelt

- Uttale framtidig drift av FNF
- Uttale regional plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Sakshandsamar: Reidun Seim
- Uttale strateginotat fylkeskommunen om vilt- og fiskeforvaltning. Sakshandsamar: Per Norstein
- Uttale vesentlege vassforvaltningsspørsmål. Sakshandsamar: Reidun Seim

Kraftutbygging

- Høyningsuttale: Breim kraftverk, Storeelva i Gloppen. Sakshandsamar: Jostein Hansen

Oppdrett

- Klage på nytt utsleppsløyve til Osland Havbruk. Sakshandsamar: Morten Jacobsen

### Anadrom forvaltning

- Deltakar i lakserådet i Sogn og Fjordane
- Høyringsuttale Fiskeforskrift laks og sjøaure 2012. Sakshandsamar: Otto Åge Bergstrøm
- Møter i Sogn Villaksråd, Olav Hermansen og Morten Jacobsen

### Innlandsfisk

#### Hjortevilt og vilt generelt

- Uttale: Ny våpenlov. Sakshandsamar: Geir Haukaas
- Uttale Nordfjella villreinområde i Lærdal. Sakshandsamar: Per Norstein
- Uttale endring av viltforskrift 2016. Sakshandsamar: Rudi Sønnervik
- Uttale kystsel 203. Sakshandsamar: Geir Haukaas
- Merkeprosjekt Hjort: med i styringsgruppa for merkeprosjekt hjort i Nordfjord, og har ansvaret for deler av oppdateringa av heimesida til prosjektet.
- Betre jakt-prosjekt: planlegging av seminar for storviltjegerar. Ansvarleg: Geir og Reidun

#### Småvilt

- Taksering av rype og storfugl på Gaularfjell. Taksørar frå fuglehundutvalet og andre. Ansvarleg: FI Taksering
- Fellefangst i treningsterrenget på Gaularfjell. Ansvarleg: Fuglehundutvalet
- Bestandsregistrering av oter. På artsobservasjoner.no

#### Ettersøk

- Arbeid opp mot ettersøksringane i fylket og fylkeskommunen og andre instansar. Ansvarleg: Ettersøksutvalet
- Arbeid med standardavtale ettersøksjeger – kommune. Ansvarleg: Ettersøksutvalet v/leiar
- Foredrag på vitseminaret vedr. ettersøk. Ansvarleg: RI Ettersøk
- Betre Jakt –prosjektet. Forelesar på 7 seminar. Ansvarleg: RI Ettersøk.

#### Rovvilt:

- Deltakar i referansegruppe for Fellingslag for store rovdyr. Ansvarleg: Fylkessekretær
- Kontaktutvalet for store rovdyr i Sogn og Fjordane. Ansvarleg: Fylkessekretær

#### Forum for Natur og Friluftsliv (FNF)

NJFF Sogn og Fjordane har arbeidsgjevaransvaret for FNF i Sogn og Fjordane; Elisabeth Dahle FNF konsulent og FNF koordinator Einar Husabø. Einar Husabø gjekk av med pensjon 1. desember 2012, Elisabeth tok over som FNF koordinator i 100% stilling.

2. vara Per Martin Fosmark er med i styringsgruppa for FNF, med leiar, Per Norstein som vara.

## **REKRUTTERINGSARBEID OG MEDLEMSPLEIE**

#### Heiderspris

Vert delt ut til ein enkeltperson for eit langt og stort engasjement i barne- og ungdomsarbeid i eit lokalt jakt- og fiskelag, fylkeslaget eller på landsnivå.

- 2007: Torger Eimhjellen
- 2008: Svein Inge Lundheim
- 2009: Bjarne Huseklepp
- 2010: Oskar Holme
- 2011: Svein Arne Forfod
- 2012: Morten Jacobsen

### Barne- og ungdomsprisen

Vert delt ut til eit lokalt jakt- og fiskelag i Sogn og Fjordane som har utført eit godt barne- og ungdomsarbeid i laget i året som gjekk.

- 2001: Sørgulen jfl
- 2002: Stryn og Hornindal jspfl
- 2003: Flora jfl
- 2004: Leikanger jfl
- 2005: Leikanger jfl
- 2006: Flora jfl
- 2007: Eid jfl
- 2008: Stryn og Hornindal jspfl og Askvoll og Holmedal jfl
- 2009: Leikanger jfl
- 2012: Gloppen jfl, Hyen jfl og Førde jfl

### Fylkesleir for ungdom

8-10. juni på Nesholmen i Hyen. Arrangørar: Førde jfl, Hyen jfl, Gloppen jfl og fylkeslaget. 4H stiller med kokk som er ansvarleg for all maten. 74 deltagarar, 28 vaksne instruktørar. Aktivitetar: skyting med hagle, rifle, salong, skytesimulator, fiske, flugekasting, flugebitting, garnfiske, fiskestell, førstehjelp, hundeaktivitetar, flåing av mår, fellefangst, kano, bading, natursti, hjortesafari, energikampen, mat på bål, friluftsliv, telt og lavvo.

### Fuglehundar

Treningsterregn Gularfjellet: Langestølsterrenget og Thorsnesstølterrenget. Kort for trening av fuglehund i tidsperioden 15.10 – 31.03 /01.01. – 31.03. Unntak er palme- og påskehelg. Jakt er forbode. Kart og informasjon finn ein på fylkeslaget si heimeside under jakthund.

Samling for fuglehundar: med fylkesmeisterskap 18-19. februar, sommarsamling 2-3. juni.

Gularfjellsprøven: ståande fuglehund, høgfjell vinter, 3 parti

### Jaktskyting

Sogn og Fjordane Cup i jegertrap. Resultat i vedlegg

Våpenloftet cup, jaktfelt. Resultat i vedlegg

Koordinasjon av skytestevner.

Vinnrarar av FM og LM i vedlegg til årsmeldinga. LM = Landsdelsmeisterskap, FM = Fylkesmeisterskap.

### Måling av gevir

2012: Det er målt 6 hjortegevir med medaljar og 1 villreingevir med medalje.

### Medlemsfordeler:

Den største medlemsfordelen har vi som sterk organisasjon med påverknadskraft i saker som omhandlar jakt, fiske og friluftsliv.

I tillegg til dei sentrale og lokale medlemsfordelane har fylkeslaget inngått fordeler hjå:

- 15% rabatt på sikkerhetsbekledning hjå NorTeam Engros
- 10% rabattar hjå Din Sport i Førde
- 10% rabatt på skyting i simulator hjå Lunde Turiststasjon
- 20% rabatt hjå Huseklepp Fiskeskule

## ORGANISASJON OG INFORMASJON

### Styremøter:

Det er halde 9 styremøter, derav eit over 2 dagar og handsama 91 saker.

1 arbeidsmøte for styret, instruktørar og utvalsmedlemer.

### Årsmøte

17-18. mars, Skei. Totalt 30 delegatar med røysterett: 25 delegatar frå lokallaga og 5 frå fylkesstyret (2 av dei både frå lokallag og fylkesstyret). I tillegg møtte 2 fylkesinstruktørar, fylkessekr. og repr. frå NJFF.

### Landsmøte

16-18.noveber, Lillestrøm. Sogn og Fjordane hadde 5 delegatar. Ingen saker frå fylket denne gang.

### Kvinnekontaktsamling på lokalnivå

For kvinnekontakter i Sogn og Fjordane 17-18. januar, Lunde Turiststasjon i Jølster.  
8 deltagarar.

### Sentrale samlingar

2-3. februar, Flå. Fylkessekretærsamling

17-19.februar, Flå. Samling FI Jegerprøve

20-22. april, Flå. Samling for ungdomsansvarlege, FI Aversjon og FI Ettersøk

25-26. mai, Flå. Fylkesleiarsamling

31. august, Flå. Fylkesleiarsamling

### Informasjon

Styret har sendt ut sakliste og referat frå styremøta til lokallaga og fylkesinstruktørar.

Det meste av informasjonen har gått på e-post. Nettsida til fylkeslaget [www.njff.no/sognogfjordane](http://www.njff.no/sognogfjordane) blir brukt til å legge ut informasjon på også.

Fylkeslaget har to Facebook-kontoar, ei gruppe som heiter OPPTUR –Jenter, Jakt og Fiske (Sogn og Fjordane) og ei NJFF Sogn og Fjordane.

Informasjon om opplæringsjakt: Eit elektronisk dokument vart sendt ut til lokallaga, jegerprøveinstruktørane og lagt ut på nett, dokumentet viste ei oversikt over tilbod på opplæringsjakt som lokallaga og fylkeslaget tilbyr.

### iNatur

NJFF er medeigar i portalen [www.inatur.no](http://www.inatur.no) der ein kan kjøpe jaktkort, fiskekort og leige hytte.

Årdal jff, Gauldalen jfl, Naustdal jfl, Lærdal jfl og Aurland jfl har lagt ut sine jakt- og fisketilbod her.

Dette er plassen å leite etter jakt-, fiske- og enkle overnattingsmoglegheiter.

### Samarbeid

Rovvilt – fylkesmannen og fellingslaget for store rovdyr i S og Fj.

Vilt – fylkeskommunen, fylkesmannen, skogeigarlaget, bondelaget

Fisk – fylkesmannen, fylkeskommunen, andre organisasjonar i lakserådet, skogeigarlaget, bondelaget

Ettersøk – Ettersøksringane i S og Fj, fylkeskommunen

FNF - nettverk, friluftsorganisasjonar

Villmarksleir og Fylkesleiren for ungdom – 4H

## ÅRSMELDING UNGDOMSANSVARLEG

Som ungdomsansvarleg i NJFF-Sogn og Fjordane tykkjer eg 2012 var eit greitt år. Dei arrangementa vi har hatt har vore veldig bra! Men vi skulle gjerne hatt fleire aktivitetar og arrangement i regi av fylkeslaget. Både fordi vi gjerne ville hatt eit høgare aktivitetsnivå, og fordi vi ser at dei vi har er so bra. Her har vi ei utfordring å jobbe med vidare.

Første aktiviteten for ungdom i 2012 var villmarksleiren i Viksdalen. Denne var for ungdom i alderen 15-18 år, og vi arrangerte den i samarbeid med 4H og Fosseheimen naturpark. Til tross for vått og mildt vart det ein veldig bra leir. Vi fekk gode tilbakemeldingar og overraskande god pressedeckning. Neste aktiviteten vi skulle ha var havfisketur i april. Vi skulle gå ut frå Askvoll med 20 påmeldte ungdom og «sjåførar». Dessverre vart denne avlyst på grunn av sterk vind. Det var veldig synd, men vi har trua på at dette er ein bra aktivitet og har bestilt same båten i april 2013.

Fylkesleir for ungdom på Nesholmen vart arrangert for 11.gong i juni. Som alltid var vi heldige med veret og leiren vart veldig bra. Denne leiren er eit høgdepunkt kvart år, og denne vil vi fortsette med i åra so kjem, so lenge vi har tilstrekkeleg med midlar og påmelding.

Eit stort og viktig mål i 2012 var å få oppretta eit ungdomsutval som kan jobbe med barne- og ungdomssatsinga til NJFF-Sogn og Fjordane. Når vi blir fleire til å tenke i lag og til å dele arbeidet på kan vi få både fleire og betre aktivitetar. Eg har fått inn to medlemmer til utvalet og når vi kjem til årsmøtet håpar eg at vi har hatt vårt første møte. Vi tek gjerne i mot ein eller to medlemmer til i utvalet dersom nokon er interessert!

Som ungdomsansvarleg var eg også i 2012 på Ungdomsleiarkonferansen til NJFF-sentralt. Det er veldig lærerikt og inspirerande når det er samla so mange som brenn for barne- og ungdomsarbeid kombinert med jakt, fiske og friluftsliv. I tillegg kan det nemnast at eg har blitt utnemnt til NJFF-sentralt sitt Barne- og ungdomsutval. Der skal eg vere med å forme og utvikle NJFF sitt barne- og ungdomsarbeid i fram mot neste landsmøte. Eg håpar og at eg kan plukke opp tips og kunnskap som vi kan bruke i vårt arbeid her i Sogn og Fjordane.

Til slutt vil eg takke alle dei som har vore med å gjort ein innsats, både i dei barne- og ungdomsarrangementa vi har hatt i regi av NJFF-Sogn og Fjordane og dei som legg ned ein innsats i lokallaga. Eg vonar de vil vere med og brette opp armane og jobbe minst like bra i 2013!

Med venleg helsing  
 Alf Erik Røyrvik  
 - Ungdomsansvarleg -

## ÅRSMELDING FAGLEIAR VILT

2012 starta med miniseminaret vårt «Betre jakt», eit miniseminar med hovudfokus på skadeskyting, sikkerheit og ettersøk. Etter mykje og lang planlegging var det med stor spenning vi annonserte 7 seminar rundt om i fylket vårt.

Oppmøtet var jamt over meget bra, og då det siste seminaret var over såg vi at over 500 personar hadde vore med. Dette tilsvasar over 20% av alle jegerane i fylket vårt, i tillegg fekk vi svært gode tilbakemeldingar frå deltakarane på seminara (svært gode foredragshaldarar).

Derfor vert det ei ny runde med seminar i 2013.

Ungdomsleiren på Nesholmen har vore ein årleg suksess, og det er alltid like kjekt å få vere med som instruktør.

Ein **stor takk** til alle dei vaksne som kvart år er med og gjer leiren til ein kjekk stad å vere ☺.

I oktober var eg igjen med som instruktør på «småviltjakt for damer» kurset, dessverre vart det ein del som trekte seg i siste liten, men eg håpar at dei som var med hadde eit utbytterikt kurs.

I november var eg med på landsmøtet til NJFF på Lillestrøm, og mange viktige sakar vart teke opp. Blant anna er det gledeleg å sjå at fleire politiske parti har teke «kampen for å få blyhagl tilbake» inn på sin politiske dagsorden.

Vi har og hatt viltseminar der temaet i år var Smått, stort og rått, med litt ekstra fokus på rovvilt. Meget interessant seminar med gode foredragshaldarar, men rundt 70 deltakarar er i underkant av det vi bør vere.

Elles er det gledeleg å sjå at det igjen vert opna for ein forsiktig kvotejakt etter sel i fylket.

Då vil eg ønskje alle eit riktig godt nytt år og oppfordre alle til å tenke sikkerheit når de er ute på jakt.

Med venleg helsing

Geir Haukaas

- Fagleiar vilt -

## ÅRSMELDING KVINNEKONTAKT

Vi startet året med en kvinnekontaktsamling 15-16. februar i Kjøsnesfjorden. Det var bra oppmøte av kvinnekontakter, men jeg håper på at neste år kan jeg få med meg noen flere.

Jeg hadde planlagt en laksefisketur i august, men med bare en påmeldt ble det ikke noe av.

I september hadde vi fjellrypekurs i Gaula. Av seks påmeldte deltagere møtte tre. Kurset ble holdt på en støl vel en times gange fra bilvei. Det ble en fin tur i sol og kaldt vær, med en sko snø i høyden. Kurset var veldig godt og vi fikk god tilbakemelding fra deltagerne. Kurset ble holdt fra fredag 28 til søndag 30. september.

Det viser seg fremdeles at det er vanskelig å få med damer på kurs og turer i helgene, så til neste år vil jeg prøve å legge opp til andre aktiviteter.

Med venleg helsing

Bente Skrede

- Kvinnekontakt -

## ÅRSMELDING FAGLEIAR FISK / FISKEUTVALET

I 2012 har fagleiar fisk delteke på følgjande møter/aktiviteter:

Mars – Kveldsmøte med tema: Forvaltning og næringsmessig bruk av lakseelvar, arrangert av Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Mai – Scenariokonferanse knytt til vassforvaltning, arrangert av Fylkesmannen

Juni – Instruktør fisk på fylkesleir Hyen 8.-10. juni

Oktober - Årsmøte/seminar Sogn Villaksråd.

I løpet av 2012 er det sendt inn forslag til revidering konsesjonar kraftutbygging, samt klage på løyve etter ureiningslova til Osland Havbruk AS for ny lokalitet Måren i Høyanger kommune.

Det ble også sendt innspel til revisjon av vassdragkonsesjonar i Sogn og Fjordane, for elvene Hopra og Vølefjordselva.

Fagleiar fisk har ved fleire høve hatt kontakt med Fylkesmannen, vedrørende m.a. luseteljingar og sjølaksefiske.

I juni hadde Bergens Tidende en reportasje om trenden innan oppdrett og rømd fisk, undertegnede ble intervjuet i forbindelse med denne.

Firda og Sogn Avis har også hatt tilsvarende reportasjer ang oppdrett.

Fiskeutvalet har ikke fått gjennomført møter i 2012.

Med venleg helsing

Morten Jacobsen

- Fagleiar Fisk -

- Leiar Fiskeutvalet -

## ÅRSMELDING FAGLEIAR HUND / FUGLEHUNDEUTVALET

Vervet **Fagleiar hund** dekker eit breitt spekter av hundar med ulike bruksområder innanfor vår organisasjon. Likevel er det lite kontakt ifrå andre grupper enn ståande fuglehund og ettersøksmiljøet. Det er uvisst om dette skuldast at desse medlemene får sine behov dekka i raseklubar eller andre grupperingar.

Fagleiar hund er tillitsvald for alle medlemar med hund, og de er hjerteleg velkomne med spørsmål knytt til hundehald. Vår organisasjon har tillitsvalde med brei og god kompetanse, og der eg ikkje strekk til, vil andre kunne svare. Ta gjerne kontakt😊

### **For fuglehundfolket har 2012 vore eit innhaldsrikt år**

Fuglehundutvalet er svært godt fornøgd med at hovedarena for våre aktivitetar vart reforhandla for 5 nye år. Takka vere positive grunneigarar har vi no fått eit langsiktig perspektiv, som gjer at det vert lettare å planlegge aktivitetar.

Grunnlaget for vår aktivitet er terreng med god rype/skogsfuglbestand. Dei siste åra har det vore heller därleg i heile landet, også her i vest.

Dermed bana dette veg for eit interessant forvaltningsprosjekt på Langestølen. Aktiv predator kontroll med fellefangst av mår/røyskatt (mulig åtejakt på rev). Fleirårig taksering m/registrering av bestandsutvikling. Takk til fuglehundfolket, som gjer ein stor dugnad på desse tiltaka, med fellerøkting 01.11-15.03 kvar veke. Ikkje minst til Fylkesinstruktør Taksering, Knut Broberg som organiserer takseringane.

Nytt av året i denne samanheng er Isak-huset på Fosseheimen, som er ein nødvendig overnattingsstad/base i samband med fellerøkting, og takseringstrening.

### **Aktivitetar 2012**

**Treningsamling – Fylkesmeisterskap 18. – 19. Februar.** Vi losjerte inn i hyttene til Arnstein Hoff ca 10 personar og dobbelt med hundar. På tross av tungt føre og jamne prestasjoner, klarte vår glimrande dommar Elin Dugstad Veseth å kåre Fylkesmeistrar. **Ak-vinnar, ES Faulfossen`s VT Nelly, eigar Robert Veseth og UK-vinnar, P Lytingfjellet`s Geo , eigar Rune Olsbø.** Takk til dommar Elin, og vår arrangement kokk Terje Hilding, som alltid stiller med fantastisk middag! **Takk også til hovudsponsor Porthos Trading, på hundeforet SPORTMANN`S PRIDE.**

### **Gauarfjellprøven 2012 03. – 04. Mars**

Den einaste prøven for ståande fuglehundar i Sogn og Fjordane, var avvikla i eit fantastisk solskin og turboføre med tre ivrige parti klare til dyst. Trass lette ryper låg Gauarfjellprøven også dette året i toppen i premieringsprosent, og dermed vart det mange blide ansikt å sjå under jegermiddagen. Tradisjon tru var den på Eldalstunet, som alltid stiller profesjonelt opp med servicenivå i høgste klasse. Gauarfjellprøven har etablert seg som ei lokalt forankra prøve, og positive tilbakemeldingar gjer dugnadsarbeidet dette krev, til ei glede. Takk til prøveleiar Robert Veseth, overnattingsfasilitetane i Viksdalen, velvillige dommarar og sponsorar. Hovudsponsor på forpremierar var som tidlegare **Porthos Trading, SPORTMANN`S PRIDE.**

### **Sommarsamling for fuglehundar på Fosseheimen Naturpark 02. – 03. Juni**

På programmet for dei 15 deltagande + 17 hundar var følgjande:  
Duetrenings (ro i oppflukt), lydighetdressur, utstillingstrening, innføring i apporttrening og apportkonkurranse. Den sosiale faktoren er viktig også på dette treffet, og erfaringsutveksling er

svært viktig. Så mellom vaflar, kaffi og grillmat, var det mange gullkorn ifrå Bjørn Monsen sitt lange liv med fuglehund. Veterinær Terje Negard tok føre seg apport og dyrehelse på «strak arm»

### **Vinnar Apport konkurranse 2012 ES Vigdaætta`s Ekko, eigar Bjørn Monsen**

Vi nytta høvet til å presentere *Fellefangstprosjektet* på Langestølen, og tok ein del av søndagen til fellekurs retta i mot røkting, regelverk og utplassering av dei aktuelle fellene vi brukar der inne.

Fuglehundutvalet har no nytta **Fosseheimen Naturpark** som «base» for fleire av våre aktivitetar/tilbod, og det er vanskeleg å få fullrost nok tilbudet, servicen og fasilitetane som Karina og Ståle møter oss med. Tusen takk til Ståle og Karina, og vi har booka opp for 2013 for lenge sidan.

Takk også til vår alltid velvillige forpremiesponsor **Porthos Trading, SPORTMANN`S PRIDE.**

### **Taksering Langestølen/ Fosseheimen 03. – 05. August**

Viser til årsmelding i frå Takseringsansvareleg Knut Broberg, som gjer reie for deltaljane i årets taksering. Vil likevel igjen nytte høvet å takke Knut for den glimrande, og viktige jobben han gjer som takseringsansvarleg. Vil også takke dei positive fuglehundekvipasjane som set av tid, og stiller opp på denne dugnaden. Dette er viktig arbeid som ref *Rypeprosjektet 2006-2011*, beskriv **Taksering** som det beste virkemiddel vi har for bestandsestimering.

Fuglehundutvalet har arbeidd etter måla vi sette på oppstartsmøtet 17.04.12 og føler at vi er nokolunde på rett veg med tilbod og aktivitetar. Samtidig tek vi imot kreative innspel og forbeteringar for 2013.

Det har vore eit svært godt samarbeid med styret, og vår alltid positive fylkessekretær Reidun! Til slutt vil vi takke alle brukarane av treningsterrenget for seriøs og pliktoppfyllande bruk, om ikkje det var tilfelle, ville vi aldri fått fornøya tillit for 5 nye år. Minner om ny treningsavgift frå 01.01.13😊

Beste ønskjer for 2013

Med venleg helsing  
 Rune Olsbø  
 - Fagleiar Hund -  
 - Leiar Fuglehundutvalet -

## ÅRSMELDING JAKTSKYTTARUTVALET

Jaktskyttarutvalet har i 2012 bestått av fem representantar, leiar Svein Inge Lundheim (Leikanger jfl), Atle Lunde (Jølster jfl), Per Tore Taklo (Eid jfl), Per Gunnestad (Luster jfl) og Arild Johansen (Askvoll og Holmedal jfl).

Det har vore to møter i utvalet i 2012. Eit møte vart halde før påske der me gjekk gjennom blant anna reglane i begge cupane og eit møte på hausten der alle lag var inviterte til å vera med på oppsettinga av terminlista for jaktskyting i 2013.

Skyteaktiviteten har vore som tidlegare år.

*"Sogn og Fjordane cup"* i jegertrap er stabil og har med alle 5 laga frå heile fylke (Eid jfl, Gloppe jfl, Askvoll og Holmedal jfl, Luster jfl og Leikanger jfl) som arrangørar, med til saman 11 stk "50skot" stemner. Det er sett opp 2 stk vandrepokalar i *"Sogn og Fjordane cup"*. *"Serievinnar"* (5 beste stemner i innleiande skyting) vart vunnen av Arild Gangdal (Eid jfl) 238tr. Frode Husum (Leikanger jfl) hadde også 238tr. men han hadde därlegare 6.resultat. *"Cupvinnar"* (beste skyttar i finalen) vart vunnen av Loyd Petter Mandelid (Askvoll og Holmedal) med 24tr. etter omskyting. Mandelid tok sitt 3.napp og vann pokalen til "odel og eige". Beste junior i finalen vart Arve Lingjerde (Leikanger jfl) 23tr. og beste dame i finalen vart Heidi Birkeland (Askvoll og Holmedal jfl) 22tr. (meir resultat i vedlegg til årsmeldinga).

I leirduesti/compakt sporting er det 3 lag frå heile fylke (Eid jfl, Askvoll og Holmedal jfl og Luster jfl) som arrangerer 3 stemner.

I Rifleskyting er det berre skyteaktivitet i Fjordane. I jaktfelt er det størst aktivitet med 4 lag (Eid jfl, Hyen jfl, Stryn og Hornindal jsfl og Jølster jfl) som arrangerer 6 stemner. Alle stemnene var med i *"Våpenloftet-cup"* og beste skyttar i cupen vart Magnar Nytingnes (Eid jfl) med 444p. etter dei 3 beste stemnene (meir resultat i vedlegg).

I elgskyting er det berre Eid jfl som har arrangert 1 stemner og i nordisk jaktskyting vart det ikkje arrangerte stemne i 2012. FM-nordisk jaktskyting vart arrangert av Åsane jfl (Hordaland). Som ein ser er det liten skyteaktivitet i elgskyting og nordisk-jaktskyting for tida. Alle lag som har moglegheit til å arrangera elgskyting og nordisk-jaktskyting bør arrangera stemner for å få opp att aktiviteten.

Innrapportering av stemneresultata har vorte mykje betre, men ikkje alle resultata er sendt inn i rett format (treffdata eller excel-skjema). Det er viktig at alle resultata er med, slik at "klasseføringskortet" vert rett.

Oversikt over "plakettvinnarar" i FM – LM frå Sogn og Fjordane i 2012 i vedlegg til årsmeldinga.

Til slutt vil eg takke alle arrangørane og dei aktive for ein god innsats i året som har gått!

Med venleg helsing  
Svein Inge Lundheim  
- Leiar Jaktskyttarutvalet -

## ÅRSMELDING ETTERSØKSUTVALET

2012 starta med Betre Jakt seminar. Det vart heldt sju foredrag med betre jakt som tema, med utgangspunkt å få i gang diskusjonar ute i jaktlaga om jakt og jaktopplevinga, ha ein tryggare og sikrare jakt. Ettersøk av skadd hjort vart eit tema med innlegg og foredrag under seminara. Det vart utarbeida ein DVD som alle deltarane fekk med seg heim frå seminarkveldane. I etterkant av seminara ser vi at kring 600 storviltjegerar i fylket vart med på dei sju seminarkveldane fordelt på Stryn, Eid, Førde, Jølster, Sogndal, Lærdal og Lavik.

Foredragshaldar var Tore Andestad NJFF-Møre og Romsdal og Rudi Sønnervik NJFF-Sogn og Fjordane

Mars 2012 vart leiar invitert til Leikanger Jfl sitt årsmøte. Der held eg eit innlegg om tema ettersøk, litt om utfordringane vi har her i fylket rundt ettersøk av hjort. Det vart ein flott og god diskusjon mellom alle frammøtte.

Det vart to møter i arbeidsgruppa som arbeidar med mal for ei ettersøks avtale mellom kommune og ringar. Dette arbeidet har helde på sidan 2010. Utvalsleiar og Fylkessekretær jobba vidare med forsikringsdelen av avtala, der vi fekk til eit møte med KS-Sogn og Fjordane i Førde. Der deltok leiar i KS, Jenny Følling og tilsette Jan Ryste. Saka om ansvar for ettersøks ekipasje som blir brukt av kommunar og forsikringsansvar vart diskutert og vidaresendt til fylkesstyret i KS for behandling der.

Utvalsleiar vart invitert til å fremje saka på deira styremøte, ha ein gjennomgang av problemstillingar rundt forsikringsdelen i avtala. Endeleg avgjere i styret blir at dette skal sendast vidare til KS sentralt for behandling der.

Utvalsleiar var invitert til Gaula Jfl sitt medlemsmøte på Sande. Der hadde ein eit foredrag om trafikk ettersøk, problem og ansvar ved slike tilfelle. Det vart ein fin diskusjon og eit kjekt møte.

I November var utvalsleiar intervju av NRK morgonsendinga. Der fekk vi belyst problem rundt trafikkpåkjørsle, at vi no gjekk inn i høgsesong. Vi fekk sett litt fokus på kva kvar einskilt skal gjere i ein slik situasjon og litt om statistikk om ettersøk i fylket.

Viltseminar 2012 vart halde i Førde og der vart det eit foredrag om ettersøk, ansvar og litt om kva lovverket seier om ettersøk av skadd hjortevilt

Fylkeskommunen hadde i desember kurs/samling med medlemmar av hjorteutvala i fylket, samt viltansvarlege i kommunane. På dette seminaret vart utvalsleiar spurt om å delta og snakke litt om lysbruk under ettersøk. Her vart det ein flott og til tider høg diskusjon kring tema lysbruk. Vi fekk i alle fall positive tilbakemeldingar på arbeidet vi gjer innan ettersøk i fylket.

I heile 2012 har utvalsleiar jobba tett med NJFF sentralt med dei nye endringane i forskrift til viltlova som skal reviderast til 2016, med tema ettersøk, utdanning av hund og dommar. Samtidig har vi arbeida litt med kursopplegg og då spesielt vidaregåande kurs ettersøk. Her hadde utvalsleiar eit foredrag for NJFF og DN på Jakt og Fiskesenteret i Flå, der delar av kursopplegget vart presentert.

Det vart bestemt i ettersøks utvalet at den årlege «fagdagen» i 2012 blir avlyst. Vi fekk tidstrøbbel og ettersom hjortejakta i tillegg vart starta 1. september, fant vi ikkje rom for den i år. Fagdagen kjem tilbake men kanskje den blir anna kvart år i fortsetninga.

Det vart ikkje helde vidaregåande kurs ettersøk i Sogn og Fjordane i 2012.

Med venleg helsing  
 Rudi Sønnervik  
 - Leiar Ettersøksutvalet -

## ÅRSMELDING FYLKESINSTRUKTØR ETTERSØK

2012 har våre eit kjekt og innhaldsrikt år med kurs innan både dressur, ettersøk og grunnkurs.

Fylkesinstruktøren har både delteke på kurs sjølve og helde kurs både i Sogn og Fjordane og Rogaland i løpet av året.

Året starta med grunnkurs jakthundinstruktør på Skei helga 30. mars – 1. april. Her deltok sju elevar i grunnleggande kurs om hund og pedagogikk. Alle elevane besto eksamen.

Seinare i april deltok fylkesinstruktøren sjølve på dressurinstruktørutdanning som vart halde på Jakt og Fiskesenteret i Flå. Her var vi tretten deltakara som etter utdanning skulle ut i sine lokallag og drive med kursopplegg innan dressur av jakthund. Samtidig denne helga var det instruktørsamling for alle fylkesinstruktørar i NJFF.

Det første dressurkurs i NJFF- Sogn og Fjordane si historie vart halde helga 1.-3. juni ved lagshytta til Førde Jfl i Kråkenesmarka. Her var det fem deltakarar etter at to hadde trekt seg. Vi fekk ei kjekk og hyggeleg kurshelg. Av dei 5 deltagarane var fire frå nabofylke Hordaland, og ein frå eige fylke.

15.-17. juni hadde eg eit nytt grunnkurs jakthundinstruktørkurs i Rogaland. Dette kurset vart halde på Park Hotell i Haugesund. Her var heile 13 påmeldte og alle besto eksamen. Vi fekk særskilt tilbakemeldingar på kursopplegget og at det var eit stort behov for denne type kurs i Rogaland fylke.

Det vart ikkje utdanna nye instruktørar innan ettersøk i Sogn og Fjordane i 2012 men det er planlagt nytt instruktørkurs i 2013.

Det var ikkje behov for oppdateringskurs i 2012 for tidligare utdanna instruktørar i vårt fylke. Dette blir tatt tak i så fort behovet er tilstade.

I år fekk eg den ærefulle tillit å delta på landsmøte 2012 på Lillestrøm. Dette var ein ny og lærerik oppleving for meg som eg sette stor pris på.

Med venleg helsing  
 Rudi Sønnervik  
 - Fl Ettersøk -

## ÅRSMELDING FYLKESINSTRUKTØR TAKSERING

Funksjonen som fylkesinstruktør taksering ble etablert første gang i 2012.

I juni 2012 var en representert på instruktør samling på Flå i regi av NJFF ved Webjørn Svendsen. Det ble her gitt faglig påfyll om bruk av metoden distance sampling ved forsker Maria Hörnell-Willebrand fra Høyskolen i Hedmark (forsker på Evenstad). NJFF's kursmodell for metoden distance sampling ble gjennomgått og forslag til oppdatert kurs utarbeidet. Fylkeslagets instruktør inngår som en av 6 i NJFF's instruktørpool for opplæring i taksering.

I august ble det gjennomført taksering i treningsterrenget på Gularfjellet, samt noen nærliggende områder tilknyttet Fosseheimen. Arbeidet involverte i overkant av 6 medlemmer fra foreningen. For nærmere informasjon mv vises til egen rapport som ble utarbeidet i etterkant.

I 2013 er det planlagt avholdt kurs i taksering og metode distance sampling. Kurset vil etter planen bli avholdt i slutten av april. Nærmore opplysninger om tid og sted vil bli annonsert.

Første helgen i august er det planlagt gjennomført taksering på Gularfjellet. I tillegg håper en at det også vil bli mulig for foreningens medlemmer å kunne delta på taksering andre steder i fylket. En er kjent med at det arbeides for å få gjennomført taksering, og det skal bli spennende å se om slike muligheter åpner seg. Så fremt det er ønskelig og praktisk mulig vil en søke å bidra med råd og oversikt over godkjente ekvipasjer.

Med venleg helsing

Knut Broberg

- FI Taksering -

## ÅRSMELDING FYLKESINSTRUKTØR HAGLE

I februar var jeg på en samling for fylkesinstruktører på Flå.

Har vært hos Balestrand jfl og demonstrert leirdueskyting, hadde med meg leirduemaskin og akustikkanlegg slik at de fikk prøve seg.

Det var det.

Med venleg helsing

Per Gunnestad

- FI Hagle -

## ÅRSMELDING FYLKESINSTRUKTØR JEGERPRØVE

13. – 15. jan. 2012 arrangerte eg kurs for nye jp. instruktørar i Førde etter ny modell. 10 var påmeldte, 5 trekte seg då kravet om gjennomført e-læring og hagleskyting ikkje var gjennomført. Dei andre 5 var nesten klar, deltok på kurset og gjennomførte det som mangla i ettertid.

Den nye utdanningsmodellen som DN no legg opp til, inneholder dei same utfordringane som tidlegare modell hadde. Krav om gjennomført brevkurs/studiering før dei møter på kurset med fylkesinstruktøren fungerer dårleg.

Sidan 1995 og fram til 2011 har eg testa ut ein modell der nye instruktørar møter på kurset med fylkesinstruktøren først, får god innføring i utdanninga fram til godkjenning som instruktør. Påfølgande arbeid vart sendt inn og godkjent i ettertid.

Eg har sjekka ut status for den nye utdanningsmodellen i andre fylke, i 2 tilfelle har den fungert.

2012 har vore det store oppdateringsåret for jp.instruktørane. Eg arrangerte 8-timarskurs 11. februar og 28. april. Så langt ligg Sogn og Fjordane på 2. plass i landet når det gjeld oppdatering av instruktørar. Når eit ekstra oppdaterings-kurs i 2013 er gjennomført, er vi på topp.

I 2012 har eg hatt gleda av å halde kurs både i Rogaland og Nord-Trøndelag.

Målet mitt har vore å bygge opp ei gruppe på minst 3 instruktørar i kvart lokallag. Då kan dei dele instruktøroppgåvene mellom seg. Dette opplegget fungerer svært godt der ein praktiserer det. Den nye jergerutdanninga på 30 t. set store krav til instruktørane både fagleg og pedagogisk. Dei lokallag som har få instruktørar, kan fort oppleve at instruktørane grå trøytte. Tiltaket mot dette er å finne nye, dyktige kandidatar og melde dei inn til fylkessekretæren.

Det vart arrangert ei sentral samling for fylkesinstruktørane i jegerprøva i 2012.

Tilbakemeldingane syner at dei lokale instruktørane i fylket vårt gjere ein svært god jobb. Det er heller ikkje registrert kommersielle aktørar i jegerprøveavviklinga i fylket.

Det er nok fleire grunnar til dette. Eg vil understreke verdien av at alle lokale instruktørar har samarbeidsavtaler med lokallaga og at instruktørane samarbeider om kursa og fordeler øktene mellom seg. Dette aukar kvaliteten på kursa og styrker samarbeidet mellom instruktørane.

NJFF har oppdatert si eiga jegerprøvebok i samband med forskriftsendringar gjeldande frå 1. april 2012.

Eg ber om at alle lokallaga sjekkar følgjande rutinar i samband med jegerprøvekurs:

1. Melde kurset inn i Studieforbundet NM.
2. Legge info om kurset på eiga heimeside og heimesida til NJFF-SFJ
3. Ferdigmeldingane skal vise at jegerprøvekurset varte i 30 timer, verken meir eller mindre.
4. Hugs å skriv på fullt namn på kandidatane, adresse, klokkeslett for start og slutt under kvar dato på rapportskjemaet som skal inn til SNM.

No er det lov å differensiere prisen på jegerprøva. Dette opnar for endå betre medlemsverving i Sogn og Fjordane.

Avslutningsvis vil eg takke dei lokale instruktørane for godt arbeid i 2012.

Det er inspirerande å vere fylkesinstruktør når ein har så mange dyktige og engasjerte lokale instruktørar å samarbeide med.

Årsplan for Fylkesinstruktøren i jegerprøva 2013:

Gjennomføre kurs for nye instruktørar/oppdatere tidlegare på Skei 25.-27. januar.

Eg deltek på sentral samling på Flå 11.-13. januar.

Det same gjeld andre møte som må til, for å sikre god oppdatering eller som styret i NJFF Sogn og Fjordane bestemmer.

Fylkesinstruktøren vil planlegge kurs for nye instruktørar så snart fylkessekretæren får inn namna på minst 5 nye som ynskjer opplæring.

Med venleg helsing

Bjarne Huseklepp

- FI Jegerprøve -

## ÅRSMELDING ORGANISASJONSKONTAKT

Det er ikkje lett å lage eit eintydig bilet av drifta i alle lokallaga i Sogn og Fjordane.

Men der er ein del trekk som kan tyde på at vi må tenke nytt for å auke aktiviteten.

Tiltaket ligg i meir konkret opplæring i korleis ein kan drive eit lokallag enkelt og godt.

Eg har delteke på 2 kveldssamlingar der god drift av lokallaget var tema.

Den første samlinga var i Førde 19. januar med deltakarar frå Naustdal, Jølster, Førde og Gaula.

Den andre samlinga var på Sande med styret i Gaula JFL som deltakarar.

Eg tek med kjenneteikna på lokallag som driv godt barne- og ungdomsarbeid:

1. Lokallaget fungerer organisatorisk
2. Lokallaget satsar på barn og unge
3. Lokallaget har ein inkluderande planleggingsprosess
4. Lokallaget har ein oversiktleg aktivitetsplan med kontinuerlege tilbod
5. Lokallaget har god gjennomføring og kvalitet på alle arrangement:
  - Har nok instruktørar
  - God marknadsføring
  - Aktiv bruk av media
  - Vurderer alltid sikkerheit
  - Samarbeid med andre/skuleprosjekt
  - Vektlegg mat og det sosiale
  - Involverte foreldre/føresette
6. Driv målretta rekruttering
7. Har gode medlemstilbod
8. Har god økonomisk styring
9. Målretta bruk av portal og heimeside
10. Evaluerer avslutta aktivitet

Av desse 10 kjenneteikna er punkt 4: Lokallaget har ein oversiktleg aktivitetsplan med kontinuerlege tilbod, svært viktig for å lukkast med god drift.

### Org.kontakten sin plan for 2013

Eg har laga eit effektivt kveldskurs på 3-4 timer med fokus på enkel planlegging, korleis ein finansierer aktiviteten og korleis ein får instruktørar til å stille opp.  
Avslutningsvis friskar vi opp kunnskapen om korleis ein gjennomfører eit godt møte. Dette vert ei blanding av relevant teori og praksis.

Så langt ligg ei samling i Balestrand på planen.

Det vert ei sentral samling 19.- 21. april.

Med venleg helsing  
Bjarne Huseklepp  
- Organisasjonskontakt –

### **ÅRSMELDING FYLKESINSTRUKTØR AVERSJON**

Det ble tilbydt kurs i aversjon gjennom alle lokallag. Vi fikk ikke nok påmeldt til å kunne arrangere kurs.

Fylkesinstruktør deltok på samling med mange andre kolleger i Flå. Her ble mulighet for å samordne - utveksle teorier og praksis mellom oss og NJFF sentralt. Flott tiltak.

Med venleg helsing  
Arvid Holme  
- FI Aversjon -

### **ÅRSMELDING GEVIRDOMMAR**

Hjort:

1. E.D.	4.90 kg	13 takkar	171.9 poeng	Gull
2. B.E.	4.05 "	12 "	156.5 "	Sølv
3. M.S.	4.15 "	12 "	153.3 "	"
4. E.B.F.	3.95 "	12 "	151.2 "	"
5. T.Å.	3.04 "	12 "	145.9 "	Bronse
6. K.N.	3.40 "	13 "	144.9 "	"

Villrein:

1. Ottadalen Nord      88 kg    883,1 poeng    Gull

Med venleg helsing  
Ove Hagerup Larsen  
- Gevirdommar -

## REKNESKAP 2012

	<i>Res-2011</i>	<i>Bud-2012</i>	<i>Res-2012</i>
<b>SALGS- OG DRIFTSINNTEKT</b>			
3100 Andel kontingent	-159 287,00	-160 000,00	-156 500,50
3110 Deltakaravgift	-145 895,00	-202 000,00	-157 400,00
3120 Salsinntekter effektar	-200,00	-45 000,00	-38 720,50
3400 Tilskot NJFF	-57 014,00	-58 000,00	20 215,00
3401 Tilskot FM og FK	-169 010,00	-405 000,00	-334 963,70
3410 Andre tilskot	-57 793,50	-6 000,00	-37 142,00
3411 Grasrotandel	-746,40	-1 000,00	-711,95
3420 Momsrefusjon	-20 406,00	-20 000,00	-19 316,00
3620 Leige: treningsstereng	-11 150,00	-14 500,00	-5 229,00
3970 Annonseinntekter	-44 000,00	-48 000,00	-10 500,00
<b>SUM SALGS- OG DRIFTSINNTEKT</b>	<b>-665 501,90</b>	<b>-959 500,00</b>	<b>-740 268,65</b>
<b>VAREKOSTNAD</b>			
4300 Innkjøp effektar	17 395,00	66 500,00	50 519,25
4390 Endring varelager	2 550,00	1 000,00	0,00
<b>SUM VAREKOSTNAD</b>	<b>19 945,00</b>	<b>67 500,00</b>	<b>50 519,25</b>
<b>LØNNSKOSTNAD</b>			
5000 Honorar / lønn tillitsvalgte	4 955,00	119 500,00	75 265,00
5400 Arbeidsgjevaravgift	581,50		4 203,21
5901 Gåver til tillitsvalde og LL	13 975,13	12 000,00	29 317,89
<b>SUM LØNNSKOSTNAD</b>	<b>19 511,63</b>	<b>131 500,00</b>	<b>108 786,10</b>
<b>ANNEN DRIFTSKOSTNAD</b>			
6300 Leige lokale	35 700,00	55 000,00	40 000,00
6301 Leige av Gaularfjellet	18 000,00	19 000,00	0,00
6310 Feilføring	481,61		0,49
6500 Kjøp av utstyr, inventar	12 480,00	44 500,00	24 822,49
6510 Kjøp av premiar	12 317,75	20 000,00	32 242,75
6552 Programvare (software)	2 200,00	2 000,00	0,00
6620 Reparasjon og vedlikehald utst		2 000,00	0,00
6700 Kjøp av aktivitetar	21 406,50	27 000,00	17 581,40
6710 Annonse	34 850,00	44 000,00	32 591,50
6800 Kontorrekvisita	20 792,36	11 000,00	13 522,38
6820 Trykksak		52 000,00	0,00
6840 Aviser, tidsskrift, bøker	13 610,00	2 200,00	4 560,00
6850 Kursutgifter	95 753,50	24 400,00	18 219,80
6860 mat, opphold	107 689,32	201 500,00	225 462,89
6870 Utadretta verksemnd	573,00	10 000,00	0,00
6900 Telefon og Internett	19 323,91	20 000,00	20 603,51
6940 Porto	8 081,14	25 000,00	13 027,81
7090 Annen kostnad transportmidler	453,00		2 551,00
7100 Bilgodtgjersle	93 961,42	153 600,00	95 175,36
7140 Reiseutgifter, ikkje oppg.pl.	23 123,20	4 000,00	37 013,40
7500 Forsikring	9 236,00	10 000,00	10 537,26
7770 Bank- og kortgebyr	687,00	1 000,00	789,50
<b>SUM ANNEN DRIFTSKOSTNAD</b>	<b>530 719,71</b>	<b>728 200,00</b>	<b>588 701,54</b>
<b>SUM SUM KOSTNADER</b>	<b>570 176,34</b>	<b>927 200,00</b>	<b>748 006,89</b>

**FINANSIELLE POSTER**

8051 Renteinntekter	-242,00	-5 000,00	-13 306,00
<b>SUM FINANSIELLE POSTER</b>	<b>-242,00</b>	<b>-5 000,00</b>	<b>-13 306,00</b>
<b>RESULTAT (Overskudd)</b>	<b>-95 567,56</b>	<b>-37 300,00</b>	<b>-5 567,76</b>

Rekneskapen for 2012 vart avslutta 31.12, det er ikkje tatt med inntekter og utgifter 2012 som gjekk inn og ut av konto i 2013.

Inntekter for 2012 som kom på konto i 2013:

Tilskot taksering, kr. 30.000  
Tilskot rest viltseminar, kr. 13.750  
Tilskot rest fellefangst, kr. 8000  
Medlemskontingent NJFF, kr. 53.597

Utgifter for 2012 som gjekk ut av konto i 2013:

Leige terreng Gaularfjell, kr. 19.000  
Telefonpengar, kr. 5.000

Overskot medrekna desse vert 129.000


I januar 2013 arrangerte vi 5 betre-jakt seminar som vi fekk tilskot til i 2011 og 2012. Prosjektet vil ha utgifter i 2013 på om lag 85.000.


Trekk vi frå desse, vert overskot om lag 53.000




## BALANSE 2012

	2011	2012
<b>EIENDELER</b>		
1400 Varelager effektar	723,00	723,00
1500 Kundefordringar	53 000,00	0,00
1579 Andre kortsiktige krav	107 014,00	14 010,00
1920 Bankinnskot 3710.11.42737	137 246,32	68 713,08
1922 Kontonr.3705.18.49591	-11,40	-11,40
1930 Kapitalkonto 3710.11.98201	204 894,35	367 999,35
1935 Vestnors. v.m.m. 3710.05.47397	-1,32	-1,32
<b>SUM EIENDELER</b>	<b>502 864,95</b>	<b>451 432,71</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>		
2050 Annan eigenkapital	-438 282,81	-443 850,57
2180 Andre avsetninger for forpliktelser	-55 000,00	0,00
2960 Påløpte kostnader	-9 582,14	-7 582,14
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>-502 864,95</b>	<b>-451 432,71</b>


## MEDLEMSUTVIKLING





**NJFF Sogn og Fjordane 2012****NJFF Sogn og Fjordane 2009****NJFF Sogn og Fjordane 2003**

### Barn/unge og kvinner i NJFF Sogn og Fjordane



## Statistikk Internett

	Hits 2008	Hits 2009	Hits 2010	Hits 2011	Hits 2012	Nr. i 2012 i forhold til visits
<b>NJFF Hedmark</b>	100.968	113.923	126.699	138.676	140.569	1 (47.989 visits)
<b>Trondheim</b>		93.965	108.519	122.711	109.397	2 (32.228 visits)
<b>Bodø</b>		91.539	88.824	87.865	92.423	3 (29.237 visits)
<b>NJFF Østfold</b>		74.534	73.381	90.755	91.442	4 (27.986 visits)
<b>NJFF Akershus</b>	87.624	76.854	67.699	70.093	72.398	5 (27.355 visits)
<b>NJFF Sogn og Fjordane</b>	40.104	51.649	53.351	54.538	57.410	7 (22.466 visits)
<b>Askvoll og Holmedal jfl</b>	448	5 588	6 418	9.845	9.210	Nr. 78
<b>Aurland jfl</b>	129	2 680	3 801	4.820	5.357	Nr. 112
<b>Førde jfl</b>		3 874	4 478	3.382	4.557	Nr. 160
<b>Leikanger jfl</b>		2 217	4 040	3.299	3.352	Nr. 163
<b>Luster jfl</b>	383	3 569	3 117	2.883	3.143	Nr. 166
<b>Flora jfl</b>	117	665	429	4.366	3.380	Nr. 169
<b>Eid jfl</b>	176	2 145	3 096	2.444	2.347	Nr. 172
<b>Stryn og Hornindal jspfl</b>	573	3 895	3 001	2.224	1.882	Nr. 173
<b>Lærdal jfl</b>		2 336	2 572	2.214	3.313	Nr. 181
<b>Hyen jfl</b>	119	143	629	723	457	Nr. 275
<b>Gaular jfl</b>	149	209	248	612	621	Nr. 280
<b>Jølster jspfl</b>		294	127	302	338	Nr. 302
<b>Fjaler jsfl</b>				347	301	Nr. 311
<b>Balestrand jfl</b>					1.097	Nr. 332
<b>Gloppe jfl</b>					584	Nr. 335

**Kontorutstyr som NJFF – Sogn og Fjordane eig pr. 31.12.12**

1 Flatskjerm til PC	Samsung	2008
1 bærbar PC	HP Pro Book	2011
1 dockingstasjon		2011
1 Mobiltelefon	Nokia	2010
1 ISDN telefon	DORO bisy	1999
1 kopimaskin	Nashuatec D420	1997
1 skrivar	Lexmark x734de	2011
2 hundeGPS	Garmin Astro	2012

**Utstyr til lån som NJFF – Sogn og Fjordane eig pr. 31.12.12**

Skaphengar, (2000)

Elektrisk Dressurhalsband (utgått)

Målegevær

10 stk. startpistolar (2009)

2 hagler

2 rifler

2 luftgevær

2 stk. kulefanger, sjøvanvisar

Gigant-lavvo (70 m2)

8-manns lavvo

2 stk. militærtelt m/ omn. Firkanta m/ vindauge (16m2)

10 makketroder utan snelle, 2000, 10 iskfiskesett + isbor m.m. (2005)

7 sjøfiske/ferskvassstenger (2001)

6 ferskvassstenger (2001-2002)

3 sett junior haspelstenger Shimano (2008)

6 sett flugestenger, Vision 9'6" #7-8. (2000)

5 sett flugestong, Vision 5' (2011)

3 sett flugestenger Fenwick junior cumbo, 8' #5 (2008).

1 sett flugestong Guideline 9'3" #7 (2008)

1 sett flugestong, Vision 9'6" #8. (2008)

10 sett flugebindarutstyr, (2007)

10 sett flugebindarutstyr, (2009)

4 sett havfiske handsnøre (2012)

4 stk oter,

Hov,

klepp

Kafffekjele.

30 flytevestar

Mink - og mårfeller

10 stk. kompass

Balansetau frå slakkline.no (2008)

Buldrematte (2008)

2 stk. presenning

Øks, sag etc.

Ymse

# Norges Jeger- og Fiskerforbund

## -Sogn og Fjordane

### Årsplan for 2013

Satsingsområder:

#### ● **Jakt og Fiske**

- *Utøving av jakt og fiske*
- *Ivareta naturgrunnlaget*
- *Tilgang til jakt og fiske*

#### ● **Opplæring og kunnskapsheving**

- *Jakt- og Fiskeakademiet*
- *Trening og konkurransar*

#### ● **Informasjon og påverking**

- *Generelt informasjonsarbeid*
- *Politisk og forvaltningsmessig påverking*

#### ● **Organisasjon**

- *Planlegging, organisasjonsutvikling og drift*
- *Rekruttering*
- *Barn og ungdom*
- *Kvinner – NJFF Jenter*
- *Samarbeid med andre*



FL	Fylkeslaget
LL	Lokallag
FF	Fagleiar Fisk
FV	Fagleiar Vilt
FH	Fagleiar Hund
KK	Kvinnekontakt
UA	Ungdomsansvarleg
FS	Fylkessekretær
FI	Fylkesinstruktør
FM	Fylkesmannen
FK	Fylkeskommunen

## Jakt og Fiske

- *Vilt- og fiskebestandane skal haustast og forvaltast på ein berekraftig måte gjennom jakt og fiske til glede, nytte, god helse og livskvalitet for jegerane og fiskarane. Hausting skal skje sikkert og utan unødig liding for byttet. Utøvarane skal ha stor innsikt i aktivitetane sine og gode etiske normer. Jakt og fiske skal fortsatt vere ein del av det enkle og naturvenlege friluftslivet som tar i vare norske tradisjonar og kulturarv*
- *Alle som bur i Noreg skal ha moglegheit for jakte og fiske dersom ein ynskjer det.*

#### **Utøving av jakt og fiske**

Sikker og human jaktutøving	“Betre Jakt” prosjekt: Kveldsseminar	27. jan 28. jan 29. jan 30. jan 31. jan fortløpande	Selje Sandane Luster Brekke Eikefjorden	FV
Bly	Sende ut DVD	Følgje opp stortingspolitikarane		Leiar

Sportsfisketiltak	Følgje opp sentrale initiativ for å tilrettelegge for auka sportsfisketiltak i LL		FF
<b>Ivareta naturgrunnlaget</b>			
Hjorteviltforvaltning	Delta i lokale og regionale planprosessar vedr. hjorteviltforvaltning Følgje opp saka om måneskinnsjakt		FV FV
Ettersøk	Utarbeide standardavtale kommune- ettersøksjeger Vedlikehalde database ettersøksarbeid		FI Ettersøk Etters.utval
Bestandsovervaking	Deltakar merkeprosjekt hjort i Nordfjord Oterregistrering Taksering rype og skogsfugl	August	Artsdatabanken Gaularfjell/ Langestølen O. Bjørlo FV FI Taksering
Rovviltforvaltning	Motivere til innsats i lisensfelling /kvotejakt. Følgje opp stortingsmelding om rovviltforv. Deltakar kontaktutval rovvilt i S og Fj. Deltakar ref.gruppe fellingslag store rovdyr		FV FV FS FS
Små rovdyr	Fangst og røkting	Gaularfjell	Fugleh.utv
Anadrom fisk	Uttale i saker vedr. oppdrett Deltakar lakseråd Følgje opp vedr. lakslus Tiltak for å auke antal utvandrande smolt Sjøaure: fokus og info, gjenutsetting etc. Info og oversikt over kvar desinfisere fiskeutstyr		FF FF FF FF FF FF
Innlandsfiske	Motivere til auka engasjement, tilrettelegge for aktivitetar og tiltak Sportsfisks år 2014 - planlegging		FF FF
Hav og kystområda	Brislingfiske i fjordane Berekraftig beskatning		FF FF
Vind/vasskraft	Infomere LL om lokale saker Bistå LL i saker dei ynskjer hjelp i		FF/FV
Regionalt planarbeid	Delta aktivt m.t.p. naturmiljø og friluftsliv		FF, FV
Naturmangfaldlov	Bruke lova i høyringssaker		FF/FV
Vassforskrifta	Bruke forskrifa i høyringssaker Delta i arbeid med regionale		FF FF

### vassplanlegging

Motorferdsel	Aktiv i høyringsaker	FV
Kulturlandskap	Aktive i høyringsuttalar	
Vilt- og fisketiltak	Bistå LL ved behov i kultiveringsarbeid	FV/ FF

### Tilgong til jakt og fiske

Retten til land og vatn	Følgje opp sentralt arbeid vedr. Finnmarks-eigedomen, følgje opp innstillinga frå Samerettsutval II	FS
Leigeforhold vedr. jakt og fiske	Bistå ved behov LL i enkeltsaker med rettshavarar, prestegardsrettar etc.	FF / FV
Framleige	Følgje opp søknader i lakseelver Leiejakt kan vere problematisk vedr. ettersøk, følgje opp saker	FF FV
Jakt- og fiskekort	Oppdatere oversikt over jakt- og fiskekort	FV, FF
Jakt i verneområde	Følgje opp verneforskrifter mtp jakt, spes. i våtmarksområder	FV
Jakt med hund	Informere om moglegheiter for jakt med hund	FH
Funksjonshemma	Bistå i tilrettelegging av fiskeplassar	Sogndal FF
Inatur	Informere om iNatur til LL og medlemer	FS

## OPPLÆRING OG KUNNSKAPSHEVING

- NJFF skal bli det naturlege miljøet å söke seg til for å få kunnskap om jakt, fiske og tilhøyrande aktivitetar.
- Opplæringsverksemnda skal bli ein av dei største ko m
- +Ontakflatene mellom organisasjonen og samfunnet.
- Omfanget av den organiserte kursverksemnda skal aukast og kvaliteten forbetrast.
- Organisasjonen skal vidareutvikle konkurranseverksemnda innan jaktskyting og fiske for å fremje ferdigheter og kunnskap

### Jakt- og Fiskeakademiet

Jegerprøve	Oppdateringskurs instruktørar Instruktørkurs	26.jan. 25-27.jan	Skei Skei	Fl Jegerpr. Fl Jegerpr.
Ettersøk	Fagdag Ettersøk Foredrag på Betre Jakt seminar	18.aug 27. jan	Skei Selje	Etters.utval Fl Ettersøk

	Foredrag på Betre Jakt seminar Foredrag på Betre Jakt seminar Foredrag på Betre Jakt seminar Foredrag på Betre Jakt seminar Vidaregående kurs ettersøk Dommarkonferanse (spor)	28.jan 25. jan 26. jan 31. jan 31.5-2.6	Sandane Luster Brekke Eikefjorden Kråkenesm.	Fl Ettersøk Fl Ettersøk Fl Ettersøk Fl Ettersøk Etters.utval Etters.utval
Aversjon	Instruktørkurs aversjon	11-12.jan.	Skei	Fl Aversjon
Jakthund	Grunnkurs Jakthundinstruktør Instruktørkurs Ettersøk Kartlegge behov for kurs jakthund	5-7.april 19-21.april	Skei Skei	Fl Ettersøk Fl Ettersøk FH
Fuglehund	Vintersamling fuglehundar Sommarsamling	15-17. febr. 1-2.juni	Gaularfjell Viksdalen	FH FH
Rovvilt	Medarrangør lokkekurs rev	mars	Sandane	FS
Opplæringsjakt	Fuglehundutvalet tilbyr opplæringsjakt m fuglehund 2-3 helgar Informere om tilbod i Sogn og Fjordane til j.p. kandidatar og lokallaga		Gaularfjell Gaularfjell	FH FH FS
Taksering	Kurs taksering hønsefugl, distance sampling	27-28. april		Fl Taksering
Fiskeseminar	Saman med samarbeidspartnerane	nov.	Førde	FF
Jaktskyting	Kvalifikasjonskurs jegerprøva (8t)			
Fiske				
Organisasjon	“Verktøykasse-kurs” / mini org.kurs Org.kurs etter behov		Førde Nordfjord Sogn	Fl Org. Fl Org. Fl Org.

### Trening og konkurransar

Jaktskyting	Samordne terminliste Premiar til FM og LM Premiar Sogn og Fj. Cup og Våpenloftetcup Bistå LL ved behov på stevner Arrangere Sogn og Fjordane Cup, jegertrap Arrangere Våpenloftetcup, jaktfelt Rekruttere til treningskyting Få i gang stemner på fleire baner			Skyteutval Skyteutval Skyteutval Skyteutval Skyteutval Skyteutval Skyteutval Skyteutval
Treningsterreng	For fuglehundar Gaularfjell (Gaular)	15.10-31-03	Gaularfjell	FH
Fuglehund – konkurransar	Fylkesmeisterskap Vinterprøve for fuglehundar	16. febr. 23-24.febr	Gaularfjell Gaularfjell	FH FH

Ettersøk	Setje opp vandpremie på blodsporprøve	Etters.utval
----------	---------------------------------------	--------------

## INFORMASJON OG PÅVERKING

- *Skal vere ein aktiv informasjonsspreiar både internt og eksternt, og skal stimulere til auka kunnskap og interesse og større forståing for jakt og fiske i befolkninga. Marknadsføringa skal bli meir heilhetleg. Påverke for å legge til rette for gode rammevilkår for jakt, fiske og NJFF si verksemd.*

### Generelt informasjonsarbeid

Kommunikasjonsstrategi	Følgje opp vedteken strategi sentralt	Alle
Informasjon	Informasjonsverksemd i enkeltsaker Pressemeldingar	Leiar
Elektronisk kommunikasjon	Nettportal – spreie informasjon Facebook – legge ut aktivitetar mm E-post – spreie informasjon, Jeger & Fisker	FS
Verdigrunnlag	Synleggjere organisasjonen sitt verdigrunnlag, kurs, årsplan etc.	Alle
Funksjonshemma	Informere om fiskeplassar og skytebaner som er tilrettelagt for funksjonshemma	FS
Treningsterreng	Informere godt om treningsterrenget for fuglehundar på Gularfjell, lage infoplan	FH
Marknadsføring – film	Lage små filmsnuttar for å presentere aktivitetar for barn og unge	UA

### Politisk og forvaltningsmessig påverking

Off. myndigheter og forvaltning	Arbeide aktivt overfor FM og FK for å påverke i saker og beslutningar med betydning for jakt, fiske, vilt og fisk	Leiar
Ettersøk	Kontakt m lokal myndighet og ettersøksringar Ettersøksundersøking Brosyre ettersøk (jeger)	Fl Ettersøk Styret/Fl E. Ettersøksutv.

## ORGANISASJON

- *Vere ein aktiv og moderne interesseorganisasjon som utviklar og tilpassar seg samfunnsendringar og nye - rammevilkår, samtidig som vi tek i vare erfaringsgrunnlaget.*
- *Sogn og Fjordane skal ha kontinuerleg medlemsvekst.*
- *Syte for at born og unge får så gode moglegheiter for jakt og fiske og øvrige tilbod, at dei naturleg søker seg både til utøvinga og NJFF som medlemer*

- Legge til rette for at fleire kvinner utøver jakt og fiske, og at antal kv. medlemer og tillitsvalde aukar.
- Samarbeide med andre organisasjonar og interessemiljø som har interesser for jakt, fiske og våre interesser for øvrig, for å skape alliansar i samfunnet.

### **Planlegging, organisasjonsutvikling og drift**

Planlegging	Utarbeide årsplan for fylkeslaget	Jan-febr	Alle
Internskulering FL	Samling RI Jegerprøve Samling FL Ungdomsansvarlege Samling FL Kvinnekontakter Samling FI Aversjon Samling FI Ettersøk Samling FI Taksering RS / Fylkesleiarsamling RS / Fylkesleiarsamling Fylkessekretärsamling	12-13.11.13	FS
Utval	Etablere ungdomsutval, fiskeutval, kvinneutval		UA, FF, KK
Årsmøte		15-16. mars	Balestrand
Regionsamlingar	Sunnfjord, Sogn og Nordfjord, bake inn org.utvikling.		Leiar
Økonomiske tilskot	Søkje om økonomisk tilskot til verksemda Sende oversikt stønadsordningar til LL Sende sms til LL når frist nermar seg	15. jan.	FS FS FS

### **Rekruttering**

Medlemsvekst	Påverke LL til god rekrutteringsaktivitet		Alle
Medlemsfordelar	Prisdifferensierte medi – ikkjemedlem Marknadsføre medlemsfordelar Evt. opprette nye fordelar		Alle
Revitalisere LL	Følgje opp og bistå LL ekstra (KK og UA følgjer opp KK og UA i alle desse laga)	Heile året	Førde jfl, Gaular jfl, Askvoll og H Floppen jfl Sogndal jsfl Balestrand jfl Naustdal jfl
Oppfølging LL	Følgje opp LL – telefonkontakt og besøk		Alle
Opne lukka LL	Der det vert naturleg, påverke til at LL fornyar vedtekter og opnar for alle medi.		FS

**Born og unge**

Prisar	Barne- og ungdomsprisen 2012 Heidersprisen 2013			Styret
Jakt og fiskeskule	Bistå og påverke til at 2 LL opprettar jakt- og fiskeskular			UA
Fylkesleir	For ungdom 11-15 år, saman med LL i Førde, Gloppe og Hyen	7-9.juni	Nesholmen	UA
Villmarksleir	For ungdom 15 +, saman med 4H og Gaular jfl	19-21.feb	Viksdalen	UA
Havfisketur	For ungdom	13.april el. 20. april	Askvoll	UA
Den naturlege skulesekken	Påverke til at NJFF sine aktivitetar vert del av den naturlege skulesekken			UA
Politiattest	Informere og bistå LL			FS
UA-samling	Samling for Ungdomsansvarlege i LL			UA
Revitalisering LL	Bistå UA i LL som revitaliserast m.hj. av FL:		Førde, Askvoll, Gaular, Gloppe Sogndal Balestrand Naustdal	UA UA UA UA UA UA UA

**NJFF Jenter**

Kvinnekont.samling	Samling for kvinnekontakter i LL Samling for kvinnekontakter i LL	22-23.feb 24-25.aug	Lunde, Skei Svanøy	KK KK
Fleire KK i LL	Påverke LL til å oppnemne KK, helst i styret			KK
Revitalisering LL	Bistå KK i LL som revitaliserast m.hj. av FL		Førde, Askvoll, Gaular, Gloppe Sogndal Balestrand Naustdal	KK KK KK KK KK KK KK

**Samarbeid med andre**

Grunneigarar	S og Fj. Skogeigarlag, Bondelaget – prosjekt, rovvilt, jakt og fiskekort etc.	FF, FV, FS
FK og FM	Tildeling midlar, prosjekt	

FNF	Deltakar styringsgruppa, fellesmøter, årsmøte, uttalar mm.	
Friluftsorganisasjonar	Gjennom FNF I høyringsuttalar ved behov Aktivitetar : Villmarksleir med 4H Aktivitetar: Fylkesleir med 4H Aktivitetar: 4H sitt Storkurs	FV / FF UA UA FF / FV, fl.

## BUDSJETT 2013 med rekneskapstal frå fjaråret

	Res-2012	Bud-2013
<b><u>SALGS- OG DRIFTSINNTEKT</u></b>		
Andel kontingent	-156 500,50	-157 000,00
Deltakaravgift	-157 400,00	-139 400,00
Salsinntekter effektar	-38 720,50	-8 500,00
Tilskot NJFF	20 215,00	-20 000,00
Tilskot FM og FK	-334 963,70	-570 000,00
Andre tilskot	-37 142,00	-10 000,00
Grasrotandel	-711,95	-1 000,00
Momsrefusjon	-19 316,00	-20 000,00
Leige: treningsstereng	-5 229,00	-10 000,00
Annonseinntekter	-10 500,00	-10 500,00
<b>SUM SALGS- OG DRIFTSINNTEKT</b>	<b>-740 268,65</b>	<b>-946 400,00</b>
<b><u>VAREKOSTNAD</u></b>		
Innkjøp effektar	50 519,25	11 000,00
<b>SUM VAREKOSTNAD</b>	<b>50 519,25</b>	<b>11 000,00</b>
<b><u>LØNNSKOSTNAD</u></b>		
Honorar / lønn tillitsvalgte	75 265,00	215 500,00
Arbeidsgjevaravgift	4 203,21	12 000,00
Gåver til tillitsvalde og LL	29 317,89	15 000,00
<b>SUM LØNNSKOSTNAD</b>	<b>108 786,10</b>	<b>242 500,00</b>
<b><u>ANNEN DRIFTSKOSTNAD</u></b>		
Leige lokale	40 000,00	44 000,00
Leige av Gaularfjellet		38 000,00
Feilføring	0,49	
Kjøp av utstyr, inventar	24 822,49	19 000,00
Kjøp av premiar	32 242,75	37 400,00
Reparasjon og vedlikehald utstyr		2 000,00
Kjøp av aktivitetar	17 581,40	34 000,00
Annonse	32 591,50	56 500,00
Kontorekvisita	13 522,38	20 000,00
Trykksak		15 000,00
Aviser, tidsskrift, bøker	4 560,00	5 000,00
Kursutgifter	18 219,80	33 100,00
mat, opphold	225 462,89	186 000,00
Telefon og Internett	20 603,51	27 000,00
Porto	13 027,81	22 000,00
Annen kostnad transportmidler	2 551,00	
Bilgodtgjersle	95 175,36	130 800,00
Reiseutgifter, ikkje oppg.pl.	37 013,40	24 900,00
Forsikring	10 537,26	11 000,00
Bank- og kortgebyr	789,50	1 000,00
<b>SUM ANNEN DRIFTSKOSTNAD</b>	<b>588 701,54</b>	<b>706 700,00</b>
<b>SUM KOSTNADER</b>	<b>748 006,89</b>	<b>960 200,00</b>
<b><u>FINANSIELLE POSTER</u></b>		
Renteinntekter	-13 306,00	-14 000,00
<b>SUM FINANSIELLE POSTER</b>	<b>-13 306,00</b>	<b>-14 000,00</b>
<b>RESULTAT (Overskudd)</b>	<b>-5 567,76</b>	<b>-200.00</b>

## **VEDTEKTER**

# **NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND -SOGN OG FJORDANE**

Vedtekne av årsmøtet 25.03.2000

Revidert 18.03.06

Godkjendt av NJFF 09.02.07

## ***DEL I***

### ***§ 1. NAMN***

*Fylkeslaget sitt namn er Norges Jeger- og Fiskerforbund – Sogn og Fjordane, og er ein samanslutning av alle lag tilslutta Norges Jeger- og Fiskerforbund i Sogn og Fjordane Fylke.*

### ***§ 2. FORMÅL***

*Fylkeslaget sitt hovudformål er det same som for NJFF sentralt:*

*Å ta vare på jakt- og fiskeinteressene igjennom å ta vare på naturen sitt produksjonsgrunnlag, og ved at ålmenta skal ha tilgang til å utøve jakt og fiske. Hovudmåla er:*

- *å være ein aktiv interesseorganisasjon som tek vare på medlemene sine interesser innan jakt, fiske, naturforvalting og friluftsliv.*
- *å sikre ei berekraftig hausting av vilt- og fiskeressursane våre, basert på tilgjengeleg kunnskap.*
- *å sikre at viltet og fisken blir hausta til glede for flest mogeleg motiverete utøvarar.*

*Arbeidet i fylkeslaget skal byggje på NJFF sitt gjeldande handlingsprogram og det årlege arbeidsprogrammet.*

*Fylkeslaget skal være bindeleddet mellom NJFF sitt sentralledd og lokallaga i fylket. Det har eit særleg ansvar med å ta vare på organisasjonen sitt formål elles på fylkesnivå.*

### ***§ 3. LEIANDE ORGAN***

*Laget sine leiande organ er:*

- a) Årsmøtet
- b) Ekstraordinært årsmøte
- c) Styret

*Årsmøtet skal haldast kvart år innan 1. april.*

*Sentralleddet i NJFF har rett til å vera representert på års- og styremøta til fylkeslaget med talerett.*

#### **§ 4. ØKONOMI**

*Forbundet refunderer til fylkeslaget den del av kontingensten som landsmøtet fastset. Fylkeslaget sitt årsmøte kan i tillegg fastsetje ein eigen kontingent til fylkeslaget som vert kravt inn saman med forbundskontingensten. Fastsett fylkeskontingent skal meldast til forbundet innan 1. september.*

### **DEL II**

#### **§ 5. ÅRSMØTE**

*Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan 1. april og skal veksla likt mellom Nordfjord, Sunnfjord og Sogn.*

*Årsmøtet skal kallast inn med 6 vekers skriftleg varsel. Framlegg som laga ynskjer å få handsama av årsmøtet skal vere styret i hende innan utgangen av januar.*

*Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, evt. vedtektsendringar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.*

*Lag med inntil 200 medlemer kan senda 2 representantar. Lag med fleire medlemer kan sende ytterlegare 1 representant for kvar påbyrja 200 medlemer, -maksimalt 6 representantar. Medlemer frå laga utnemnd av NJFF i sentrale utval og fylkesinstruktørar vert kalla inn til årsmøtet. Desse har talerett, men ikkje røysterett. Dersom dei møter som representant for eit lag har dei både tale- og røysterett på årsmøtet.*

*Årsmøtet skal handsama følgjande:*

**13. Konstituering av møtet**

- Godkjenning av fullmakter
- Godkjenning av innkalling
- Godkjenning av saklista
- Godkjenning av forretningsorden
- Val av ordstyrar
- Val av sekretær
- Val av teljekorps
- Val av 2 representantar til å skriva under møteboka

**14. Årsmelding frå siste kalenderår.**

**15. Revidert rekneskap frå siste kalenderår.**

**16. Innkomne saker med styret sitt framlegg til vedtak.**

**17. Andre saker som styret har sett opp på saklista.**

**18. Styret sitt framlegg til årsplan.**

**19. Fylkeslaget sin kontingentdel, med styret sitt framlegg til vedtak.**

**20. Styret sitt framlegg til budsjett.**

**21. Val av styre i medhald av § 7.**

**22. Val av valnemnd på 3 medlemer - mest mogeleg geografisk fordelt, for 3 år, ein person på val kvart år. Den av medlemene som har sete lengst, er leiar i valnemnda.**

**23. Val av 2 revisorar og ein varamedlem for 3 år, ein person på val kvart år.**

**24. Val av utsendingar til landsmøtet (kvart tredje år).**

Ungdomsansvarleg skal vere representert ved NJFF sitt ordinære landsmøte, og skal gå inn i

kvoten til fylkeslaget.

*Dersom ikkje noko anna er bestemt, skal alle saker avgjerast med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unntake ved personval, der ein skal foreta loddtrekking. Vala skal vera skriftlege dersom nokon av representantane krev det.*

*Ingen representantar har meir enn ei røyst. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap.*

## **§ 6. EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE**

*Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn av styret, eller når eit tidlegare årsmøte har bestemt det, eller minst 1/4 av lokallaga i fylket, eller forbundsstyret i NJFF krev det.*

*Ekstraordinært årsmøte, vedlagt sakliste, skal kallast inn med minst 14 dagars varsel. Møtet skal ikkje ta avgjerd i andre saker enn dei som er oppførde på saklista i innkallinga.*

## **§ 7. STYRE**

*Laget vert leia av eit styre på 7 representantar, som består av leiar, nestleiar/sekretær, kasserar, ungdomsansvarleg, kvinnekontakt, fagleiar vilt og fagleiar fisk.*

*Fagleiar vilt og fagleiar fisk har fagansvar på kvar sine fagområde og førebur desse til styrebehandling.*

*Styret skal ha to vararepresentantar. 1. vararepresentant har hovudansvar for fagområde innan jakthund. 2. vararepresentant er ordinært varamedlem.*

*Fyrste vararepresentant vert innkalla til alle styremøte, og har røysterett når nokon av dei andre medlemene har forfall.*

*Andre vararepresentant vert også innkalla til fyrste styremøtet etter årsmøtet, og elles når faste representantar melder avbod. Styret har til ein kvar tid maksimalt 6 repr. med stemmerett.*

*Ved likt røystetal har leiar dobbelrøyst.*

1. *Styret vert vald for 2 år om gongen. Leiar, kasserar, fagleiar vilt og kvinnekontakt vert valde i år med like årstal. Nestleiar/sekretær, ungdomsansvarleg og fagleiar fisk vert valde i år med ulike årstal.*
2. *Varamedlemene vert valde for 1 år om gongen.*

*Fylkesinstruktørane og andre fagpersonar er fagleg underlagt NJFF, og tiltreer fylkesstyret etter behov med tale og forslagsrett.*

## **§ 8. STYRET SITT ARBEID**

*Styret skal:*

1. *Representere fylkeslaget, utøve administrativt mynde, handheve vedtekten og ivareta fylkeslaget sine interesser ut mot dei lokallaga som er tilslutta laget og regionale styresmakter.*
2. *Medvirke til å opprette nye lokallag og eventuelt medvirke til å slå saman lokallag der det er naturleg, og hjelpe desse med råd og opplysningar.*
3. *Førebu, handsame og vedta saker av interesse for laga i fylket.*

4. Halde møter med lokallagsleiarar/-styre for drøfting av viktige saker av felles interesse samt ta initiativ til kurs, møte o.l.
5. Sende saker til høyring i lokallaga.
6. Fastsetje tid for ordinært og eventuelt ekstraordinært årsmøte.
7. Legge fram årsmelding og rekneskap med revisorrapport kvart år om laget si verksemd i kalenderåret.
8. Utarbeide framlegg til årsplan og budsjett for komande år.
9. Sende årsmelding og rekneskap samt årsmøtereferat med ajourført liste over tillitsvalde til NJFF og lokallaga seinast 1 månad etter årsmøtet. Føreslå nyval dersom tillitsvalde ikkje oppfyller instruksen, også om dei ikkje står på val.
10. Styret kan oppnemne eigne arbeidsutval. Styret utarbeidar arbeidsinstruks for desse.
11. Gjere framlegg om tildeling av eventuelle heidersteikn.
12. Utnemne fylkesinstruktørar.
13. Utarbeide instruks for tilsette i fylkeslaget.
14. Styret utarbeidar instruks for styremedlemer og instruktørar.
15. Vere representert ved stemner og arrangement på fylkesnivå.
16. Arbeide for lags- og medlemsfordeler, herunder drive informasjon om økonomisk støtte til fylkeslag og lokallag.
17. Avgjere tvistar mellom laga. Avgjersla kan ankast inn for årsmøtet i fylkeslaget.

*Styret er vedtaksført når minst halvdelen av styret er tilstades. Vedtak vert avgjort ved simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta. Det skal førast protokoll frå kvart styremøte.*

## § 9. VEDTEKTSENDRINGAR

*Vedtektsendringar (del II) kan gjerast av årsmøtet. Til gyldig vedtak vert det kravt 2/3 fleirtal av dei representantane som er tilstades på årsmøtet.*

*Vedtektsendringar skal godkjennast av Representantskapet i NJFF.*